

Aasen-bibliografien

OTTAR GREPSTAD

- Norsk landbruk – industri eller bygdenærings?* (redaktør). 1974
- Ressurser og økopolitikk. Vekstøkonomi eller likevektsøkonomi?* (medforfattar). Populist 2/1975
- Vær utålmodig, menneske. Ei visebok som er noe mer* (redaktør). Populist 1978
- Populist 1979–81* (redaksjonsmedlem)
- Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon* (medforfattar). 1982
- Høvesdiktning i EF-striden 1970–72. Hovudoppgåve.* 1983
- Syn og Segn 1984–1988* (redaktør)
- Venstres hundre år* (redaksjon saman med Jostein Nerbøvik). 1984
- Balladen om Europa.* 1985
- Retorikk på norsk.* 1988
- Lesebok 1994* (medredaktør). 1994
- Stem i! Songbok for røysteføre* (medredaktør). 1994. Supprimert
- Rhetorica Scandinavica 1997–2018* (medlem redaksjonsråd)
- Hamsun i Æventyrlend. Nordlandsliv og diktning* (saman med Kirsti M. Thorheim). 1995, 2. opplaget 2002
- Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk.* 1997
- Berge Furre: *Sant og visst. Artiklar, foredrag, preiker* (redaktør, etterord). 1997
- Nynorsk faktabok 1998.* 1998
- Norske tekster. Sakprosa* (redaktør, innleiing, merknader). 1999
- Den store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat.* 2000
- 2000: Det makelause året* (redaktør). 2001
- Det nynorske blikket.* 2002
- Fotefar mot nord. En kulturhistorisk reise i Nord-Norge og Namdalen* (saman med Kirsti M. Thorheim).
- 2003, 2. utgåva 2004, 3. utgåva 2005
- Nynorsk faktabok 2005.* 2005
- Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie.* 1.–2. opplaget. 2006
- Vestlandets historie. Band 1–3* (medredaktør). 1.–2. opplaget 2006, 3. oppdraget 2007
- Allkunne* (hovedredaktør). 2007–2014
- Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år.* 2008
- Språkfakta 2010.* 2010. E-bok
- Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010.* 1.–2. oppdraget 2010
- Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012.* 2012. E-bok
- Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg.* 2012
- Bibliografi over Ivar Aasens trykte skrifter.* 2013. E-bok. 2. utgåva 2014, 3. utgåva 2015
- På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017.* 2013. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 1. utgåva, 1.–3. oppdraget 2013
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 2. utgåva. E-bok
- Språksansen. Kalender om all verdas språk.* 2013
- Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen.* 2014. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2014. 3. utgåva
- A world of languages and written culture.* 2015. E-bok
- Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014.* 2015. E-bok
- Språkfakta 2015. Ei historie om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar.* 2015. E-bok
- Det rause museet. Prosjektplan for Vinje-senteret.* 1.–2. oppdraget 2016
- Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1845–2016.* 2017
- På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2021.* 2017. E-bok
- Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2017.* 2018. E-bok
- Language museums of the world. Institutions, websites, memorials.* 2018
- Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* (redaktør). 2018

Ottar Grepstad

Aasen-bibliografien

Skrifter av og om Ivar Aasen 1825–2017

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2018

© 2018 Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum

Printed in Norway

Papir: 100 g Arctic Matt

Sats: Nynorsk kultursentrum

Trykk og innbinding: Ait Bjerch AS

Konsulent: Rune Aarflot, Aarflot Media Holding AS

Publisert 5. august 2018

Sist oppdatert 22. juni 2018

Bibliografi over skrifter av Ivar Aasen

1. utgåva publisert 20. juni 2013

2. utgåva publisert 7. januar 2014

3. utgåva publisert 8. januar 2015

Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen

1. utgåva publisert 4. august 2014

Framsida

Arne Garborgs eksemplar av Ivar Aasens *Norsk Ordbog*. Foto: Ragnar H. Albertsen / Nynorsk kultursentrum

Alle merknader, eventuelle rettingar og opplysningar er velkomne til Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda

admin@aasentunet.no

ISBN 978-82-92602-14-0

Innhald

Forskrift	7
Teiknforklaring	14
Skrifter av Ivar Aasen	15
Eit menneske i tredje person fleirtal	17
Utgivingar 1833–1896	65
Bøker – originalverk og omsetjingar	66
Småskrifter og visetrykk	68
Artiklar og prosastykke	70
Samtalar og skodespel	77
Dikt, viser og ordtak	78
Omsetjingar og gjendiktingar til nynorsk	86
Tekstar i Dølen 1858–1870	88
Utgivingar 1896–2017	91
Bøker – originalverk og omsetjingar	92
Småskrifter og visetrykk	97
Artiklar og prosastykke	98
Samtalar og skodespel	110
Dikt og viser	110
Omsetjingar og gjendiktingar til nynorsk	121
Brev og marginalia 1828–1896	123
Brev	124
Innskrifter og marginalia	142
Omsetjingar til andre språk 1881–2017	145
Bøker	146
Prosa	146
Dikt og viser	147
Eigne melodiar 1855–1887	157
Sikre	158
Moglege	159

Anna	159
Manuskript og brev	161
Skriftkulturens handskrifter	163
Manuskript i Nasjonalbiblioteket 1825–1896	193
Manuskript i Norsk Folkeminnesamling	239
Manuskript i Ivar Aasen-tunet	241
Manuskript i NTNU Universitetsbiblioteket	249
Brev fra Ivar Aasen	251
Brev til Ivar Aasen	261
Korresopondanse i Riksarkivet	311
Ymse arkivalia	315
Skrifter om Ivar Aasen	319
Ivar Aasen i stort og smått	321
Skrifter og tekstar 1841–1896	357
Skrifter og tekstar 1897–2013	377
Dikt og songar til eller om Ivar Aasen	459
Etterskrift med takk	465
Bonussider	467
Ivar Aasen: Om de latinske Bogstaver	469
Ivar Aasen: Om Sorg	476
Ole L. Olsen: Landsmaalets Tilblivelse	479
«Nordmannen» mellom diktet og songen	485
Ivar Aasens språkreiser 1842–1883	536
Tidstavle for Ivar Aasen 1757–1909	551
Aasen i tal	557

Forskrift

«SYMRA UTKOMMEN», skreiv Ivar Aasen i dagboka laurdag 20. juni 1863. Det var den einaste samlinga av lyrikk han gav ut i bokform. Til gjengjeld kom boka i tre utgåver, alltid med like mange viser, men med ulike variantar av somme viser frå utgåve til utgåve.

Ivar Aasens forfattarskap er oversiktleg i omfang, men vanskeleg å registrere på oversiktleg vis fordi han levde med mange av tekstane sine og endra litt på dei. Svært mykje av det som i dag er tilgjengeleg i trykt eller digital form, er publisert etter at Ivar Aasen døydde.

Den ultimate bibliografien inneholder gjerne fire delar: a) publiserte skrifter, b) handskrifter og upubliserte manuskript, c) tekstar om forfattaren og forfattarskapen, og d) tekstar der forfattaren eller enkelttekstar er nemnde eller er til stades gjennom tekstsamspel. Denne boka dekkjer dei tre første delane.

Aasen-bibliografien har vore i arbeid frå 2012 og er ein parallel til *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje* (2017). Grunnlaget er fleire tidlegare e-bøker på Aasentunet.no. *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* (2013) kom i 3. utgåva 2015, og *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen* blei utgitt i 2014. No er også manuskript og brev etter Ivar Aasen komne med. Kaare Haukaas laga i 1946 *Boklista yver Ivar Aasen-boksamlingi*. Dermed skulle Aasens skriftliv vere utførleg dokumentert.

FØRSTE DEL OM PUBLISERTE SKRIFTER skal innehalde alle publiserte dikt og prosatekstar. Alle førsteutgåver er med, likeins seinare utgivingar i Aasens levetid. Bibliografien dokumenterer også alle postume førsteutgåver av verka hans i bokform, og seinare utgåver og opplag av tidlegare utgivingar. Bibliografien inneholder derimot ikkje nokon systematisk dokumentasjon av seinare utgivingar av enkelttekstar i aviser, blad, tidsskrift eller bøker. Her måtte det likevel gjerast unntak for dei tekstane Terje Aarset har med i si utgåve av *Symra* frå 2013, først og fremst fordi desse tekstane frå no av må reknast som dei gyldige førelegga, utan trykkfeil.

Bibliografien inneheld ikkje digitale publiseringar på Internett. Opptrykk i vise- og songbøker og i andre notetrykk enn dei nemnde er heller ikkje tekne med. Også den sida av saka blir godt dekt i Terje Aarssets utgåve av *Symra* frå 2013.

Torleiv Hannaas-samlinga ved Universitetet i Bergen er ein svært verdifull dokumentasjon av skrifter på og om nynorsk. Der var det også nokre skrifer å finne om Ivar Aasen som ikkje var fanga opp på anna vs.

I denne utgåva er det teke med ein vurderande dokumentasjon av både kva melodiar Ivar Aasen heilt sikkert komponerte, og kva det er sannsynleg at han laga.

MANUSKRIFT OG BREV etter Ivar Aasen finst i hovudsak på tre stader: Handskriftsamlinga ved Nasjonalbiblioteket i Oslo, Norsk Folkeminnnesamling ved Universitetet i Oslo, og i Ivar Aasen-tunet.

Etter skifteprotokollen frå 1898 skulle etterlatne papir overførast til Universitetsbiblioteket i Kristiania. Det meste av materialet kom då også dit. Nasjonalbiblioteket har ein utførleg katalog over handskrifter etter Ivar Aasen, laga av Moltke Moe i 1901–02, med seinare tillegg og rettingar av Terje Aarset.

Handskriftene er delte i to: *Brevs.* 174 med brev til og frå Ivar Aasen, og *Ms. 4° 915* med etterlatne papir. Moe-katalogen inneheld over 10 000 manussider. Det er ikkje alt. Berre manuskriptet til *Norsk Ordbog* i 1873 var på 3453 sider.

På nettsida [Nb.no/hanske](#) viser Nasjonalbiblioteket i Oslo materiale som er katalogisert frå og med 1997. Ei viss registrering av eldre bestand blir gjort jamleg. Materiale katalogisert til og med 1996 finst i ein kortkatalog.

Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engesert laga i november 1997 dokumentasjonen *Ivar Aasen-relatert materiale* med oversyn over ein god del manuskript, gjenstandar og biletar i ulike arkiv og samlingar. Stoff derifrå har kome godt med.

Reidar Djupedals arkiv ligg i Statsarkivet i Trondheim. Noko Aasen-arkivalia følgde likevel med boksamlinga hans då denne blei send til Ivar Aasen-museet i 1994. Relevant materiale er med, likeins informasjon om arkivstoff i Trondheim.

Det skal lite til før arkivsystem blir skipa. Med tida blei ein del manuskript borte frå handskriftsamlinga. Arkivrutinane kunne ha vore betre,

og krava til omgang med unika i arkiv var andre for 50 og 100 år sidan enn i dag. I februar 1993 kom 31 manuskript til rette og blei tilbakeførte til Universitetsbiblioteket i Oslo; desse var blitt noterte som lakuner då biblioteket sist gjekk gjennom samlinga i 1980.¹ Det same gjaldt 11 manuskript frå Marie Elise Djupedal 15. desember 1993.² Til saman 51 manuskript blei etter kvart også registrerte som ikkje var med i katalogen til Moltke Moe.³ I 1993 noterte Universitetsbiblioteket 18 manuskript som framleis mangla.⁴ Den nye katalogen frå 2012 ser ut til å ha med 10 av desse. Den katalogen Moe laga, var svært utførleg, men altså ikkje komplett.

Nasjonalbiblioteket omemballerte heile Aasen-samlinga si i 2012. Den oppdaterte katalogen er publisert også her. Eit søk 26. mai 2014 gav 1545 postar, men nokre få av desse gjaldt andre enn Ivar Aasen; den 18. mai 2018 var det 1605 postar. Brevs. 174 inneheld brev til og fra Ivar Aasen. Ms. 4° 915 inneheld etterlatne papir etter Ivar Aasen. Dette materialet utgjorde i si tid 33 pappkapslar.

Reidar Djupedals utgåve av *Brev og Dagbøker* i tre band 1957–1960 inneheld meir enn brev sjølv i ei vid tyding av ordet. Ei rekke manuskript er tekne med, likeins marginalia av typen innskrifter i bøker. Materialet er sortert i bibliografien. For breva er Djupedals nummer i trebandsutgåva tekne med.

Dei mange breva av Ivar Aasen som er publiserte, er katalogiserte som eigne tekstar.

Ukjende manuskript eller brev kan framleis dukke opp, men etter 1960 har tilveksten vore minimal. Det nyaste Aasen-tunet har, dukka opp i 1997.

SKRIFTENE OM IVAR AASEN er ein del av den uendelige litteraturhistoria. Den første bibliografien over skrifter om Aasen laga J.B. Halvorsen i 1885, ordna etter verk.⁵ Den neste kom vel først då Reidar Djupedal som eit vedlegg til biografien *Ivar Aasen* av Knut Liestøl i 1963 skreiv «Ivar Aasen. Ein stutt bibliografi». Dei 71 innførslane dekkjer mange sentrale skrifter, og

¹ Kopi av liste i Jens Kåre Engeset: *Ivar Aasen-relatert materiale*, Ørsta 1997, upaginert.

² Kopi av liste i Jens Kåre Engeset, same staden.

³ Kopi av liste i Jens Kåre Engeset, same staden.

⁴ Kopi av liste i Jens Kåre Engeset, same staden.

⁵ J.B. Halvorsen: *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1880*, I, Kristiania 1885, s. 27–31.

fleire av dei hadde Reidar Øksnevad fanga opp i dei litteraturhistoriske og pressehistoriske bibliografiene han gav ut mellom 1951 og 1956.

I 1977-bibliografien var berre omtalar i bøker med som utgjorde minst tre sider. Difor var både oppslagsverk og litteraturhistoriske oversynsverk haldne utanfor, medan større språkhistoriske framstillingar var med. Nokre aviser var prioriterte framfor andre som kjelder, men takka vere utklippsarkivet ved Universitetsbiblioteket i Oslo kunne desse innførslane supplerast med mange tekstar frå region- og lokalaviser. Dokumentasjonen av bokmeldingar frå Aasens levetid er ganske komplett.

No er kjeldekriteria endå meir pragmatiske. Korkje historieforskinga eller den forsking som arbeider med samtida, kan greie seg utan kjennskap til dagspressa, skreiv bibliografen Just Qvigstad i 1945.⁶ For å vite mest mogleg om korleis Aasen er blitt lesen, oppfatta og vurdert, gjeld det å få dokumentert mest mogleg av dei artiklane, intervjuia, reportasjane, bøkene og avhandlingane som er publiserte. Førekomst og relevans er avgjerande, ikkje publisingsformat, tekstlengd eller kvalitet.

Fleire store samlingar i Ivar Aasen-tunet har vore viktige i arbeidet.

«Arkiv for norsk målreising» samla Peder E. Hovdan frå dei første åra på 1900-talet fram mot 1950. Klipp om Ivar Aasen i denne samlinga er med i bibliografien. Også Anton Aures kolossale samling av norske aviser og periodika er å finne i Aasen-tunet. Dette har gjort det lett å finne fram til ein del relevante oppslag.

Gamle kjelder kan bli som nye. Jens Kåre Engeset fekk i si tid som museumsstyrar i Ivar Aasen-museet samla kopiar av mange viktige artiklar. Det meste av dette gjorde han i 1980-åra med hjelp frå dottera Ragnhild. Samlinga inneheldt 158 artiklar og blei i 2014 integrert i den samlinga som Aasen-tunet har av artiklar om Aasen. I tiåret 1990–2000 samla Engeset også avisartiklar om Aasen og Aasen-tunet, mest frå lokal- og regionavisene på Sunnmøre.

I Aasen-tunet ligg alle medieklippa som Noregs Mållag fekk 1981–2000. Desse uhorveleg mange sidene inneheld nok relevante tekstar, men så var det dette med tida. Same staden ligg eit tjuetals kartongar med uordna avisklipp etter Reidar Djupedal. Han samla sjølv mykje som er registrert i bibliografien, men der kan nok finnast meir

⁶ Just Qvigstad: «Bibliografiens betydning fpr forskningen», i *Boken om bøker. Årsskrift for bokvenner*, VII, Oslo 1945, s. 3.

Særleg aktuell for tida etter 1945 er databasen *Retriever*, og det gav mange interessante funn på søkjeordet «Ivar Aasen». Eg har også gått gjennom medieklippa for Ivar Aasen-året 1996 og Språkåret 2013. Reine arrangementsreferat er berre unntaksvis tekne med.

Innførslane gjeld primært tekstar der Ivar Aasen dominerer eller er mykje omtalt. Meir allmenne framstillingar er tekne med der det er skrive noko om Ivar Aasen som må reknast som viktig. Tekstar om onmstitusjonar er berre med når Aasen er ein sentral del av dei. Omtalar av nære familiemedlemer er med når desse seier noko relevant om Aasen.

Dette er ein bibliografi om Ivar Aasen, ikkje om norsk språkpolitikk. Difor er tekstar om språkpolitikk ikkje med. Grensa er likevel ikkje sylskarp. Til arbeidet med *Den store nynorske sitatboka* i 1999 gjekk eg gjennom svært mange av dei viktigaste språkpolitiske ordskifta i Noreg etter 1800. Noko høyrde heime her også.

Korte notisar er tekne med viss dei kan seiast å ha status som kjel-deskrifter om Ivar Aasen, pålitelege eller ikkje. Talar, foredrag, dikt og songar om Ivar Aasen som er trykte, er førte opp under trykkingsåret, men med opplysningar om første framføring der slike ligg føre.

BIBLIOGRAFIEN ER ORDNA kronologisk, også innanfor tematiske underkapittel, men omtalar av Aasen er ordna alfabetisk etter forfattar innanfor kvart år. Der står først tekstar med identifisert forfattar eller ein signatur. Alle tekstane utan forfattar er ordna alfabetisk etter overskrift og eventuelt publikasjon. Løynenamn, altså pseudonym, og initialar er identifiserte så langt råd er, og dei faktiske namna står då i hakeparenteser.⁷

Kvar innførsel er i prinsippet rekna som éin tekst. I nokre tilfelle inkluderer innførslane fleire tekstar. Unntaka som ikkje lèt seg kategorisere, er slike som 270 gåter i ei innførsel (nr. 1249 på s. 107).

I bibliografien over publiserte skrifter er kvar innførsel nummerert fortløpende, anten det gjeld ei heil bok eller ein enkelttekst. Denne nummereringa er berre gjennomført for Aasens eigne tekstar.

Nye opplag eller opptrykk av enkelttekstar er førte opp under førstegongsutgivinga, men nye utgåver av bøker og skrifter står under dei

⁷ Ordet «løynenamn» er lånt frå bibliografen og litteraturhistorikaren Anton Aure, som laga eit ufullført oversyn over «Løynenamn og merke» i nynorsk skriftkultur (Anton Aure: Etterlatte papirer, Ms. fol. 4686: B:1:a, Nasjonalbiblioteket).

aktuelle utgivingsåra med tilvising til tidlegare utgåver. Artiklar over fleire nummer av ein publikasjon er berre rekna som fleire innførslar viss det dreiar seg om artikkeleriar med skiftande innhald frå nummer til nummer.

Artiklar om Ivar Aasen i fleire delar som går over fleire nummer av ei avis eller eit blad, er rekna som meir enn ein artikkel. Det same prinsippet blei følgt i *Vinje-bibliografien* (2017). Opphavleg blei dette derimot ikkje gjort for tilsvarande tekstar av Ivar Aasen. Det gjer at nokre tekstar er rekna med under fleire innførslar, men også at eitt katalognummer inneholder fleire tekstar.

Digitale og sosiale medium er berre unntaksvis med. I seinare år er trykte avisartiklar som regel også publiserte digitalt, men dette er ikkje markert. Kva som er skrive i bloggar, på Facebook og Twitter frå 2007, er uråd å seie noko sikkert om.

Det er gjort greie for innhaldet i utgåvene av skrifter i utval eller samling, men ikkje i slike utgivingar som er avgrensa til éin sjanger, i praksis dikt. Dermed viser bibliografien som ventande kunne vere, at alle utgåver av «skrifter i samling» i røynda er «skrifter i utval» også når det gjeld Ivar Aasen.

UNESCO SET GRENSA for *bøker* ved 48 sider. I denne bibliografien er derimot grensa for *småskrifter* sett ved 16 sider. Alle trykksaker på 16 sider eller meir er altså rekna som bøker.

Særtrykk har i prinsippet sin eigen distribusjon. Difor er dei tekne med som sjølvstendige trykksaker anten dei har eiga paginering eller ikkje.

Bibliografien femner også om variantar av tekstar, så langt råd er. Ein *variant* er ein tekst som er semantisk ulik ei tidlegare utgåve. Rettingar av openberre skrivefeil åleine gjer ikkje teksten til ein variant, heller ikkje rettskrivingsendringar. I ein del tilfelle kan det likevel vere vanskeleg å seie sikkert om endringane i teksten er slik at den bør reknaast som ein variant. Denne bibliografien identifiserer ikkje detaljane i variantane, men kvar variant er rekna som ein eigen tekst. Dette blir gjort på ein annan måte i essayet «'Nordmannen' mellom diktet og songen», trykt på bonus-sidene.

Opplag er eit uendra opptrykk av ei tidlegare utgiving, medan ei *utgåve* inneber endringar i format, utstyr, innhald eller liknande. På 1800-

talet og langt inn på 1900-talet blei desse omgrepa ikkje brukte konsekvent. Difor tok nokre kring 1905 til orde for at ein heller burde oppgi kor mange tusen ei bok var trykt i enn kor mange opplag det handla om.⁸ Opplysningar om storleiken på opplaga er tekne med der slike finst, mest om utgivingane i Aasens leveår.

BIBLIOGRAFIEN DOKUMENTERER alt i alt 6816 innførslar. Dette fordeler seg med 1195 utgivingar av lyrikk, prosa og brev på dansk-norsk, dialekt og nynorsk, 3548 manuskript, brev og dokument, fem sikre og fire moglege melodiar, og 121 gjendiktingar til åtte språk. Også 1952 artiklar, talar, dikt og bøker om Ivar Aasen er med.

Dei detaljerte innførslane står side om side med merknader og nye forteljingar som supplerer *Historia om Ivar Aasen* (2013). Bonussidene inneheld mellom anna tre artiklar av og om Ivar Aasen som aldri har vore trykte etter at dei første gongen kunne lesast. Boka er ramma inn av fire essay – «Eit menneske i tredje person fleirtal», «Skriftkulturens handskrifter», «Ivar Aasen i stort og smått» og «'Nordmannen' mellom diktet og songen».

Ordet «komplett» er for bibliografar, arkivarar og bibliotekarar Utopia. Å vere optimist er å vere ein bibliograf som set punktum. No er det gjort.

⁸ «Oplag eler tusen?», *Norsk Boghandlertidende* 5.10.1905.

Teiknforklaring

Delvis etter mønster av oppsettet i *Skrifter i Samling* (1911–12) er desse teikna brukte:

- [–] Publisert anonymt
- * Tittel er laga av andre i ettertid
- [] Redaksjonelle merknader

Skrifter av Ivar Aasen



Lars Osa: «Ivar Aasen i sin stue», 1895. Augo var blanke, tindrande, seier fleire. Men var dei blå? Kunstmålaren Karl Straume meinte det, men han var berre ni år då han såg Aasen, fortalte han til Reidar Djupedal i 1958. Osa måla dei blå, og han var 35 då han gjorde det.

Eit menneske i tredje person fleirtal



Teikning av Mathias Skeibrok, 1881. Eigar: Nasjonalgalleriet. Foto: Nynorsk kultursentrum / Ivar Aasen-tunet.

DER ER EI SCENE BORTANFOR KVARDAGEN. Om lag 2000 skal ha vore til stades ved grava til A.O. Vinje på Hadeland søndag 13. juli 1873 kl. 18.00. Ein stor gravstein med byste av Vinje blei avduka etter ein tale av redaktør Hagbard Emanuel Berner i Dagbladet. Ivar Aasen hadde skrive eit dikt av dei beste i norsk minnekultur, med den ikoniske opningslinja «Det kom ein Gut or Vinje-Grend».

Som elles var det ein song han hadde skrive, ikkje eit dikt til å lese. Songen var trykt opp, og folkehopen song. Kven forfattaren var, stod ikkje på trykket. Den nynorske teksten var nok til å identifisere han. Få var dei diktarane som skreiv på nynorsk i 1873, og til eit slikt høve fekk berre dei fremste ta ordet. Så var dei der, alle tre, Vinje, Bjørnson, Aasen. Song diktaren med på sin eigen song? Ivar Aasen likte å syngje.

«Tilbuning til en Reise», hadde han skrive i dagboka dagen før.⁹ Han kjøpte ei veske, litt tobakk, tok toget etter middag til Randsfjord saman med Bjørnson, noterte «smukke Udsigter» og «uroligt paa Stationen», overnatta einkvan staden, gjekk om bord på båten søndag morgen, kom til fots til Gran. Aasen skildra sjeldan det han opplevde, men dette var dagen bortanfor: «Meget Folk samlet. Tale og Sang ved Vinjes Mindestøtte. Siden stort Lag på Jorstad [Jørstad]. Contingent 60. Ypperlig Tale af Bjørnson &c. Herberge paa Granvolden. Træt af Dagen.»

Nete dag reiste han attende til Kristiania i sterkt regn og var heime seint på kveld. Ikkje eitt ord om hans eiga rolle under seremonien, berre at han tysdag enno var «sløv og fortumlet efter Reisen». Den dagen fekk dei som las Dagbladet, eit fyldig referat.¹⁰ Folk hadde gått i prosesjon inn på kyrkjegården, og til tonefølgje av ein hornkvintett hadde dei fått utdelt ein song «der efter Forlydende skal være forfattet af Ivar Aasen». Tre strofer før avdukingstalen, ei strofe etterpå.

⁹ Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, a. 294.

¹⁰ [Berner, Hagbard Emanuel]: «Afsløringen af Mindesmærket over A.O. Vinje», *Dagbladet* 15.7.1873, her etter Vetle Vislie: *A.O. Vinje*, Bergen 1890, s. 382–388.

Det var under middagen seinare på kvelden at Bjørnson heldt ein lengre tale for Vinje. Han talte også for Ivar Aasen og for Brynjuf Bergsien, kunstnaren som hadde laga bysten.

Det er lett å halde fast ved den tanken at den dagen var Ivar Aasen med og song sin eigen song til han som hadde vore så viktig for han.

Efter Forlydende. Referenten visste betre. Han heitte Hagbard Emmanuel Berner og hadde vore leiar for minnesteinkomiteen der både Bjørnson og Aasen var med. Situasjonen er likevel typisk. Ivar Aasen sette sjeldan namnet sitt under det han offentleggjorde, og signerte han, var det ofte med eit pseudonym. Slik blei han verande anonym, i det minste i eigne auge.

TEKSTAR AV IVAR AASEN er blitt publiserte jamleg etter at han debuterte med eit visetrykk sommaren 1833. Dette er ein forfattarskap mange har sett nøyne på, og som mange har brukt.

Berre 19 år gammal debuterte han som forfattar med to skillingsviser sommaren 1833. I 52 av dei følgande 63 åra fram til han døydde i 1896, publiserte han eit eller anna. Seinare har det kome nye tekstar eller nye utgåver og opplag av eldre bøker i to av tre år. Forfattarskapen til Ivar Aasen lever altså i beste velgåande.

Bibliografien over publiserte Aasen-skrifter inneheld til saman 1317 innførslar. Av desse er 1196 nummererte, medan 121 innførslar om omsetjingar og gjendiktingar av Aasen-tekstar ikkje er nummererte. Utgivingane inkluderer 126 utgåver og opplag av bøker og småskrifter.

Ivar Aasen skreiv mykje, men publiserte godt under halvparten av det han skreiv. 282 dikt, viser og skodespel, 325 prosatekstar, 41 omsette dikt og prosatekstar, 399 brev og 10 marginalia er registrerte.

Ivar Aasen snakka mykje og ofte med folk, og var ein framifrå forteljar, men levde også eit liv i skrift. Det finst om lag 460 kjende brev frå han til om lag 160 mottakarar.¹¹ Ein god del av desse er trykte i ulike sammenhengar. På meir enn seksti år er ikkje det all verda, men særleg frå slutten av 1830-åra er mange brev komne bort. Den som har gjort mest med Aasen-breva, er Reidar Djupedal. «Den tanken har svive meg at det

¹¹ Reidar Djupedal: "Om Ivar Aasens brev", Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, band II, Oslo 1958, s. 381.

måtte la seg gjere å få ut ei samling av Aasen-brev», skreiv han hausten 1949.¹² Ti år seinare hadde han publisert så godt som alle.

Ivar Aasen kryssa ingen landegrenser, men det gjorde tekstane hans. Dei første gjendiktingane kom i 1881, til engelsk. Denne bibliografien dokumenterer 121 omsetjingar og gjendiktingar til åtte språk av 36 dikt og viser og fem prosatekstar. Desse er omsette til engelsk (50), dansk (32), tysk (30), nynorsk (3), færøysk (2), svensk (2), islandsk (1) og italiensk (1), dessutan ein parafrase til italiensk.

Nokre månader før Aasen døydde, blei han spurd om løyve til å gjendikte nokre av songane i *Symra* til dansk. Spørsmålet kom frå komponisten Christian Sinding, som då hadde komponert melodiar til fleire Aasen-songar. Aasen takka nei, men omsette blei songane og urframførte i Christiania nokre veker etter at Aasen var død.¹³

To viser skil seg ut med særleg mange gjendiktingar til andre språk. «Nordmannen» ligg føre i ni gjendiktingar, og dei ti strofene i «Etterstev» frå *Symra* finst i 12 gjendiktingar.

Kjetil Myskja har omsett heile *Symra* til engelsk. Ingen andre har gjort det same til noko språk, men fleire har gjendikta enkeltdikt. Viser frå *Ervingen* og *Symra* er gjendikta til engelsk, og til tonefølge av Christian Sinding er dei fleste songane frå *Ervingen* og *Symra* gjendikta til tysk og dansk. Utgivingane av desse notetrykka førte også til at mange av dei viktigaste dikta hans kom ut på nynorsk i København og Leipzig i tidsrommet 1896–1906.

Av dei store, vestlege språka manglar både spansk og fransk på lista, og viser eller andre tekstar av Ivar Aasen er aldri blitt gjendikta til asiatiske eller afrikanske språk, eller til urfolksspråk i Amerika.

IVAR AASEN FANN IKKJE opp eit språk. Han skapte ikkje eit språk. Han laga ikkje eit språk. Ivar Aasen fann eit språk. Dei fem orda meiner eg seier alt – eg brukte nesten eitt år på å finne dei fem orda, frå hausten 2011 til sommaren 2012, då årstale nr. 12 om tilstanden for nynorsk skriftkultur skulle gjerast ferdig.

¹² Reidar Djupedal i brev til Olav Midttun 11.9.1949, konvolutt med ein del usorterte handskrifter m.m. som gjeld Ivar Aasen, Nasjonalbiblioteket.

¹³ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 215.

Han fann eit mønster i dei talemåla som var i bruk i landet kring midten av 1800-talet. Han viste samanhengane mellom desse talemåla, påviste ei mange hundre år lang linje frå norrønt språk til samtida og gjorde det klinkande klart at norsk var eit sjølvstendig språk på linje med dansk og svensk. Så skriftfesta han det språket han hadde funne, sette det i system og tok det i bruk.

Ivar Aasen publiserte tekstar, skrifter og bøker i 63 år frå han var 19 til han var 82 år gammal, og han komponerte fleire melodiar. Det var han som skreiv dei første dikta, visene, forteljingane, skodespela og artiklane på nynorsk, og det var han som omsette dei første tekstane frå andre språk til nynorsk. I dei fleste litterære sjangrane skapte han føredøme på det nye skriftspråket, men den fremste var han nok berre i nokre av desse.

På Ivar Aasens tid skulle kvar nasjon ha sitt skriftspråk, og dette skriftspråket skulle vere fornemt, forfina, elevert, sofistikert, heva over kvardagen og språket til folk flest.

Ivar Aasen forma ein heilt ny tanke: La oss skape eit norsk skriftspråk som bygger på talemåla til folk flest over heile landet og som er historisk knytt til talemåla slik dei var før dansk blei skriftspråket. Liknande tankar gjorde språkfolk seg i andre land. Dei fleste av dei var unge menneske.

I 1814 laga Vuk Stefanovitsj Karadzjitsj den første grammatikken for serbisk, 27 år gammal.

Kroaten Ljudevit Gaj forma eit alfabet for serbisk og kroatisk i 1835, 26 år gammal.

Munken Neofit Rilski laga den første grammatikken for bulgarsk i 1835.

Ludovit Styr gav i 1846 ut to bøker som la grunnlaget for slovakisk, 31 år gammal.

Kor mykje Aasen kjende til av desse arbeida, er uvisst, men han følgde generelt godt med i europeisk språkvitskap.

LINJER MELLOM LESING OG SKRIVING: Det Ivar Aasen skreiv, er blitt lese av mange og brukt av mange fleire. Det han sjølv las, gav han intellektuelle impulsar frå mange skriftkulturar. Samlinga hans av bøker, blad og aviser fortel om eit menneske som var nyfiken på livet i rommet mellom anekdotar og analysar.

Av legning var han ikkje bibliofil, men ein bokven som var fagleg og mentalt avhengig av venskapen til skrifta. Det hende han var meir ven med skrifta enn med livet: «Ingenstad er Blom aat oss aa plukka / utan dei i turre, daude Bokom», skreiv han i det sjølvbiografiske diktet «Bokmakkar» i 1860-åra.

I mangt var han ein moderne reisar. Kvar han kom, ville han vite siste nytt. Ivar Aasen var ein lesar, ein hund etter siste nytt, avisene. I Sogndal vinteren 1843 var han tre–fire dagar gonger i veka innom løytnant S. Leigh for å lese Morgenbladet.¹⁴ Frå Ekset fekk han ei tid ettersendt Norsk Landboeblad.¹⁵ I august 1843 hadde han ikkje lese avisar på meir enn to månader, og då var bladet heimanfrå ekstra velkome.¹⁶

Han var ein lesar, og han las mykje: Mellom dei mange blada sette han i 1857 mest pris på dei «som indeholde Blandingar og Smaating, især ‘Iagttageren’ av Kristian Krag; men dette Blad er do glidet anseet. ‘Friskytten’ lever endnu og er meget ilde anseet; imidlertid er der et Blad, som er endnu verre, nemlig ‘Granstauren’ som udkomme i Fredrikshald.»¹⁷ Han nemner Iagttageren og Friskytten også eit halvår seinare: «Disse to Magter ligge nu i Strid, og deres Udgivere (Krag og Bastian) blive saaledes ilde tilredte af hinanden».¹⁸

Aasen hadde dei bøkene han trorg. Bøkene kjøpte han då han hadde minst bruk for dei. Over halvparten av bøkene skaffa han då han hadde utretta det meste og skrive dei fleste av dei viktigaste bøkene sine. Eller: Tilveksten av bøker syner at han var fagleg aktiv så godt som livet ut, men på fleire måtar enn ved å skrive. Av bøkene han samla seg, ser det ut til at han sjølv kjøpte åtte av ti.

Om lag 1400 band kan tidfestast. Berre fem prosent av dei kom ut før 1840. Vel 40 prosent var frå tida 1840–69, og nær 50 prosent kom ut mellom 1870 og 1896. I all hovudsak er mønsteret det same for ulike emne og sjangrar. Anten emnet er språk, litteratur eller historie, fordeler Aasens bøker seg ganske likt mellom dei ulike tiåra. Der er noko fleire bøker om

¹⁴ Brev til Maurits R. Aarflot 8.1.1843 og til Ludvig J. Daae 16.1.1843.

¹⁵ Brev til Maurits R. Aarflot 11.6.1843.

¹⁶ Brev til Maurits R. Aarflot 25.8.1843.

¹⁷ Ivar Aasen i brev til Ludvig L. Daae 2.4.1857. Ein bibliografi over norske skjemteblad er publisert i Ottar Grepstad: *Retorikk på norsk* Oslo 1988, s. 223 ff.

¹⁸ Ivar Aasen i brev til Ludvig L. Daae 6.11.1857.

geografi og religion som kom ut på 1600- og 1700-talet enn tilfellet er for historie, samfunn og naturvitenskap.

Skriftene hans blei registrerte i 1896 og katalogiserte i 1946. Medrekna aviser og periodiske skrifter viser ei ny oppteljing at han hadde minst 2800 fysiske bøker og band. Det er om lag like mykje som samlinga til Alexander Kielland, meir enn det som er att på Aulestad etter Bjørnstjerne Bjørnson, men mykje mindre enn Sigrid Undset hadde.

Dei fleste av sine eigne skrifter skreiv han frå seg før han skaffa seg mange bøker. Halvparten av skriftene i boksamlinga hans skriv seg frå 1870 eller seinare, men fire av fem utgivingar av Ivar Aasen kom før.¹⁹ Låne bøker gjorde han jamt, men ikkje ofte, og ikkje meir i alders år enn då han skreiv som mest.

UTGIVINGAR I 129 ÅR: I Aasens lange levetid kom det ut 29 bøker og 10 småskrifter, nye opplag medrekna. Han publiserte nær 200 enkelttekstar: 87 dikt, viser og skodespel, 94 artiklar og prosastykke, og 23 omsetjingar og gjendiktingar.

I dødsbuet hans var det tre store verdiar. Pengane, boksamlinga og opphavsretten. Malling betalte 200 kroner for retten til å gi ut eit mindre utval skrifter, det som kom ut i 1899, og Alb. Cammermeyer betalte 1100 kroner for andre forlagsrettar.²⁰ UI alt utgjorde dette om lag 93 000 kroner i 2018-verdi. Det motiverte til utgiving, det også.

Etter Aasens død har det kome mange fleire dikt og tekstar. Frå og med hausten 1896 var det til og med 2017 utgitt 29 bøker og 4 småskrifter med upublisert materiale, mest i form av brev, dagbøker, reiseskildringar og forarbeid til ordbøkene og grammatikkane. I tillegg kjem nær 50 nye utgåver og opplag av tidlegare publiserte skrifter.

Ulike utgivarar har publisert 195 dikt, viser og skodespel for første gong, ein del av dei i utdrag. Det er også publisert 225 artiklar og prosastykke, nesten 400 brev og 17 gjendiktingar og omsetjingar. Det vil seie at

¹⁹ 49 % av skriftene i boksamlinga hans er utgitt i 1870 eller seinare; då er skrifter utan utgivingsår ikkje rekna med. 76 % av hans eigne utgivingar kom før 1870; i det talet tel éi bok like mykje som eitt dikt.

²⁰ Johannes Belsheim i brev til Maurits Aarflot 1.7.1897 og i brev til Jon Aasen 16.3.1898, jf. kopiar i kassett I 17, privatarkiv 355, Statsarkivet i Trondheim.

det har kome ut mange fleire bøker og småskrifter av Ivar Aasen etter at han døydde som då han levde, og endå fleire dikt og artiklar.

Desse tala inkluderer munnleg traderte tekstar som han skriftfesta, frå segner og anekdotar til stev og voggesongar.

Også rekna i sidetal har ettertida publisert mykje meir tekstar av Ivar Aasen enn det han sjølv gjorde.

Posthumt er det publisert om lag 5035 sider av Ivar Aasen. Desse sidene fordeler seg slik: 3390 sider bøker, 1455 sider brev og dagbøker, 155 sider artiklar og prosastykke, 110 sider dikt og skodespel, 20 sider omsetjingar og gjendiktingar, og 5 sider tekstar utan tidfesta skrivetidspunkt. Kvar tekst er berre rekna med ein gong. Trykte sider kan vere så mangt. Her er det rekna med boksider. Særleg *Brev* og *Dagbøker* inneheld svært mykje tekst per side. For ei jamføring med det som blei publisert medan Aasen levde, er det difor rimeleg å rekne med at minst 6000 sider er publiserte posthumt. Kvart enkeltståande dikt som er publisert, er då rekna som ei side.

Ivar Aasens styrke var det Stephen Walton har kalla evna til konsentrert slit.²¹ Det går mange avisartiklar på éi ordbokside. Målt mot stor-skrivarane i norsk litteratur blir han for ein desimal å rekne. Historikaren og politikaren Halvdan Koht publiserte om lag 43 000 sider, og geologen Amund Helland skreiv 28 000 store sider berre i verket *Norges land og folk topografisk-statistisk beskrevet* mellom 1898 og 1921.²² Skal det først målast, kunne Aasen jamførast med Ludvig Holberg, som skreiv om lag 16 000 sider.

At ettertida har publisert mykje meir enn han sjølv, gjer at både dikttaren, sakprosaforfattaren og forskaren Ivar Aasen ser annleis ut i vår samtid enn for dei som levde i hans samtid. Ikkje minst veit vi no mykje meir om dei tidlege tekstane hans, som folk utanfor Sunnmøre på hans tid nok visste lite om. Likevel er det slik at nesten alt det beste han skreiv, sytte han sjølv for å få gitt ut. Ivar Aasen visste kva som heldt mål.

I gjenbruken av skjønnlitterære tekstar er der ein påfallande skilnad. Berre førsteutgåva av skodespelet *Ervingen* frå 1855 er brukt i seinare

²¹ Stephen J. Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 534.

²² Ottar Grepstad: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*, Oslo 1997, s. 429 og 435. Sidetalet for Halvdan Koht er det nettopp Kaare Haukaas som har rekna ut, jf. Kaare Haukaas: *Halvdan Koht. Ein bibliografi* (Historiske bibliografiar nr. 4), Oslo 1964, s.7.

utgivingar, medan det er sisteutgåva av *Symra* som går att i seinare utgivingar av den boka.

Tabell 1
År med flest utgivingar av Aasen-skrifter

1859	10
1901	17
1908	14
1912	20
1968	10
1991	10
1996	30
Sum	111

Skriftene av og om Ivar Aasen har kome uavhengig av kvarandre. Der er eit eintydig mønster. Skriftene *av* Aasen kom nær sagt kvart år med få tyngdepunkt over tid, medan merksemda *om* Aasen fortetta seg i visse år. Jubileumsåra pregar utgivingsmønsteret for skrifter om Aasen, men einast Ivar Aasen-året 1996 skil seg ut med mange utgivingar av Aasen-skrifter.

I berre sju år har det kome ut ti eller fleire Aasen-skrifter (tabell 2). Aktiviteten var særleg stor tidleg på 1900-talet.

Nesten halvparten av det Ivar Aasen sjølv publiserte, skreiv han i 1840-åra. Dei postume utgivingane er jammare fordelte, men også der utgjer 1840-åra eit tyngdepunkt. I det han sjølv gav ut, var mykje av prosaen frå 1850-åra og ein god del av lyrikken frå 1860-åra. I utgivingane etter 1896 dominerer prosa frå 1840-åra og lyrikk frå tiåra 1830–60.

Med dei ulike utgåvene og oppлага av skriftene sine publiserte han om lag 4300 sider.²³ Å sjå til er ikkje dette nokon ruvande forfattarskap, men han skreiv altså mykje meir enn han sjølv publiserte. Det er i alle høve ikkje sidetalet som avgjer kor viktig ein forfattarskap er.

Han hadde lett for det, men gav seg ikkje så lett og var sjeldan nøgd med første forsøket. Ein heil dag kunne han sitje og file på ei einaste setning, fire år tok det å skrive fortalen til *Norsk Grammatik*, 12 år måtte til for å gi «Nordmannen» si endelege form.

²³ Eiga oppteljing frå denne bibliografien. Dei 4300 sidene fordeler seg slik: 3730 sider eigne bøker, 100 sider småskrifter, 385 sider artiklar og prosastykke, 50 sider dikt, samtalar og skodespel, 25 sider omsetjingar og gjendiktingar. Kvar tekst er berre rekna med ein gong.

Ivar Aasen publiserte sjølv 20 variantar av dikt, både eigne og gendiktingar, men det ser ikkje ut til at han gjorde det same med prosatekstar. I ettertid har mange publisert ymse variantar. Særleg av «Nordmannen» er det publisert variantar som jamvel diktaren sjølv aldri skapte slik.

DET FØRSTE DIKTET Aasen nemnde i skrift til andre, er «De fire Aarstider». Frå Herøy prestegard skreiv han i desember 1833 til venen Sivert R. Aarflot at han skriv «Poetiske Fremstillinger af visse Gjenstande eller over visse Materier».²⁴ Han skal skrive eit dikt han kallar «De fire Aarstider», og han er alt ferdig med våren og sommaren. Dei delane er viste til prost Hans Conrad Thoresen og «fundet et Bifald, som jeg ei ventede».

Då hadde han alt debutert som lyrikar. I ein tragisk gardsbrann i Ørsta fredag 7. juni 1833 omkom tre barn i alderen 5–13 år. Den som sette ord på sorga, var 19 år gamle Ivar Aasen. Torsdag 4. juli hadde trykkjeriet på Ekset klart 400 eksemplar av eit skillingstrykk med to viser – «Ny Vise om den sørgelige Tildragelse ...» og «En Trøstesang for en anfægtet og bedrøvet Sjel».

«Jeg er vel nu ikke synderlig flittig i at skrive Vers, dog er jeg alligevel ikke ganske stiltiende», skreiv han til venen sommaren 1835.²⁵ I desse åra skreiv han mykje, men det skulle ikkje prentast enno. Aasen ville «lade det henligge, til min Dømmekraft mere udvikles».²⁶ Det er som ein hører prosten borte ved vindauge.

To gonger braut diktaren togna. Begge gongene handla det om død. Sommaren 1833 gav han ut eit signert småtrykk med to viser om ein tragisk brann i Ørsta. Så, eit halvt år etter brevet der han ville teie til dømekrafta blei betre, skreiv han eit dikt til venen Sivert, som døydde etter ei fallulykke. Det gjorde så sterkt inntrykk på lesarane av Norsk Landboeblad at somme kunne diktet lenge etterpå, som mor til Johannes A. Barstad, fødd 1857.²⁷

Tre dikt var alt Aasen publiserte mellom 1833 og 1843. Medrekna variantar skreiv han godt over 80 dikt og viser før *Fem Viser i søndre*

²⁴ Ivar Aasen i brev til Sivert R. Aarflot 27.12.1833, *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 23.

²⁵ Ivar Aasen i brev til Sivert R. Aarflot 22.5.1834, *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 25.

²⁶ Ivar Aasen i brev til Sivert R. Aarflot 27.6.1835, *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 28.

²⁷ Johannes A. Barstad: «Ivar Aasen i heimegrendi», *Syn og Segn* 1913, s. 309.

Søndmørs Almuesprog kom ut i 1843. Det første prosastykket hans var «Forerindring» til sunnmørsgrammatikken og «Selvbiografi», begge i Bergens Stiftstidende seinsommaren 1841.

Utanfor katalogen står ein litt uforklarleg tekst. Den 1.1.1868 publiserte *Verdens Gang* det vesle styket «Bønnebrevet»:

«En Mand skulde skrive et Bønnebrev til Fattigkommisionen for en Husmand, som det stod ikke til med paa saa mange Maader. Han grunde længe frem og tilbage, men der vilde ikke komme noget ud af det. En Gut var just tilstede, og han bød sig til at fatte Brevet i sin Stil; han mente det var en let Sag, og ikke meget at volde sig Hovedbrud for. Han bad da Husbanden skrive, men i sit eget Maal:

Her bur ein Mann upp i Aasen,
Han eig inkje Kua paa Baasen.
Alle Ungane liggja i Krilla,
Og han hæv inkje Sengklæde-filla;
Inkje hæv han Gryte, inkje hæv han Fat,
Inkje hæv han Skjeid og inkje hæv han Mat;
Og fær han inkje nokot af Kassa
Saa dør baade han og Tassa.»

Bønnebrev kom i mange former, Ivar Aasen fekk sjølv eitt, frå småhandlaren Olaus Olsen, noterte han i dagboka 29.1.1880. Det spesielle ed bønnebrevet ovanfor er at bibliografen og litteraturhistorikaren Anton Aure meinte Ivar Aasen var den som skreiv ned strofa.²⁸ Aure var nøyen med alt, så ein kan ikkje berre avvise dette. Han oppgir liikevel inga kjelde og viser berre til avis. Mangt kan ha skjedd frå Aasen eventuelt skreiv dettened til det kom på trykk. Der er ei viss normering, men fleire ord- og bøyingsformer er slike som Aasen ikkje brukte. Inntil vidare får dette bli verande eit spørsmål.

AASEN REISTE FOR Å SKRIVE. Med seg på ferda fekk han etter kvart eit tilrådingsbrev frå biskop Jacob Neumann i Bergen, datert 25. februar 1844:²⁹ «Sproggranskeren Ivar Aasen, der, med Stipendium af det Kongelige Nor-

²⁸ Notert på kort i Anton Aures kortkatalog, Nasjonalbiblioteket, Aures handskrift.

²⁹ Brev frå Jacob Neumann til Ivar Aasen 25.2.1844, NBO Brevs. 174.

ske Videnskabsselskab, denne Sommer agter at bereise Voss, Hardanger og Søndhordlehn, for at opsamle Dialekterne sammesteds, anbefales her ved venligst til enhver Embædsmand og enhver sig for Sproget interesserende Indvaaner i bemeldte Landdistrikter, med lige venlig Anmodning om Anviisning og Veiledning til Alt, hvad der maatte kunne fremme Hensigten af Hans Reise.»

I mange år, frå 1842 til 1847, var han ein huslaus vandrar utan fast adresse. Til skilnad frå vandrarar flest på den tida hadde Aasen ting åta vare på. I åra før han la ut på reisene sine, hadde han samla eit stort herbarium med 509 plantar. Det lét han vitskapsselskapet i Trondheim ta vare på, og han tok det ikkje med på flyttelasset til Kristiania hausten 1847. I staden fekk han ettersendt det med kurér våren 1848. Kureren var byfogd Henrik Lysholm. Han tok herbariet med seg då han reiste for å møte i Stortinget som vararepresentant.³⁰

I heimbygda visste dei godt om han. Der på Ekset kom avis Postbudet ut. Åtte år etter at Aasen hadde lagt ut på språkreisa si, trykte avis ein notis:³¹

«Ivar Aasen er søndags tilbagekommen til sin Hjembygd efter at have fuldendt det ham af det kongelige norske Videnskabers Selskab overdragne Hverv, at undersøge de norske Almuedialekter, og hvorpaa han, dels ved Omreiser til Opsamling af Materialier og dels ved disses Bearbeidelse og Ordning har opoffret en Tid af 8 Aar.»

Dette er ein sjeldan avisnotis om Ivar Aasen, ikkje berre ved at det her står at no har Aasen avslutta arbeidet sitt. Han var komen til Åsen 8. september og blei der eit års tid, avbroten av ein tur til Tromsø sommaren 1851. På denne tida var Aasen i tvil om han orka meir, og det visste redaktøren i Postbudet.

Notisen er også interessant fordi få avisar kom ut, og dei få som kom ut, hadde ikkje eit nett av meldarar som sette dei i stand til å fortelje at no var Ivar Aasen der og der, om dei no skulle ha interesse av det. Han reiste sakte, men fortare enn dagsnytt. Difor var det også ein uvanleg notis, den som stod i Dagbladet vinteren 1869.³² Avisa kunne fortelje at Aasen no var ferdig med oppslagsorda på bokstaven *i* og hadde skrive 3453 kvartsider

³⁰ Jf. brev frå Conrad Nicolai Schwach til Ivar Aasen 6.4.1848, Nasjonalbiblioteket.

³¹ Postbudet 14.9.1850.

³² «Ivar Aasen», Dagbladet 15.2.1869.

til *Norsk Ordbog*. Han hadde fått materiale frå heile landet, stod det også. Det var slik han var. Han visste nøyaktig kor mange sider han hadde skrive. Men ikkje kor mange han hadde att. Det siste ordet på *i* i den trykte ordboka er *øven*, «tvivlraadig». Det står nedst på side 329. Aasen hadde langt igjen før han kunne setje punktum på side 972 i den boka som kom ut fire år seinare.

Ivar Aasen reiste gjennom det norske språket i 27 år. Han gjekk lei etter to. I rekkja med årlege foredrag under samletittelen «Dette er Ivar Aasen» tok eg i 2010 for meg reisene. Då rekna eg ut kor langt Aasen hadde reist i arbeidet med å finne det nynorske språket. Kvar reisedag blei ført inn i eit rekneark med stadene han reiste frå og til, og kor langt det var. Det meste kunne eg hente frå innførslane hans. Difor var eg ganske sikker i mi sak då svaret skulle presenterast under Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet 26. juni 2010.

«Talet er 24 438 km», sa eg. «Ivar Aasen reiste 24 438 km. Om lag. Talet er summen av hans eigne opplysningar, tal frå pålitelege reisehandbøker og nokre få anslag der annan informasjon manglar. Feilmarginen er mindre enn to prosent. Ivar Aasen var språkforskaren som reiste meir enn halve jorda rundt for å finne ut alt han måtte vite då han skulle byggje det nye skriftspråket på gammal grunn.»

Feilmarginen var større. Der var eit par mindre feil i reknearket. I *Historia om Ivar Aasen* står det i første utgåva i 2013 på s. 104: «Ivar Aasen reiste 25 302 kilometer. Om lag.» Det tillagde etterhaldet var berre dekor, for eg trudde summen var ganske så rett. Der tok eg feil på ny. Talet blei retta i den andre trykte utgåva av boka våren 2014: «Ivar Aasen reiste 26 911 kilometer. Om lag.» Den tabellen som talet var henta frå, var oppdatert 19. mai 2014.

Ei overrasking venta før eg var framme. Så langt hadde eg teke for gitt at ei mil var ei mil, altså ti kilometer. Det var det ei mil var då det metriske systemet blei innført frå 1875. At det skjedde, visste eg, men eg hadde ikkje tenkt over kva det innebar. Fram til då handla det om landmil, og ei landmil var 36 000 fot, eller 18 000 alen, eller 11,295 km.³³ Berre for nokre få sjøstrekningar måtte tala reknast ut på ny.

³³ Trygve Holtebekk: «Mil» og «Eldre og fremmede lengdeenheter», Store Norske leksikon, *Snl.no*, lesedato 30.4.2018.

Så på det fjerde skal det skje. Frå og med 1875 reiste han 2198 km etter den nye reknemåten. Når resten blir rekna om, er det nye svaret gitt. Han reiste verken 24 438 eller 25 302 eller 26 911 km.

Ivar Aasen reiste 28 350 km. Om lag.

DET MESTE AV DET AASEN SKREIV, var forarbeid og grunnstudiar til grammatikk og ordbok. Han heldt på i årevis med desse store skriftene. For å få litt perspektiv på det Aasen gjorde, kan arbeidet hans jamførast med A.O. Vinje.

Både Vinje og Aasen slipte dei lyriske tekstane sine til nye variantar. I prosaen sette Vinje raskt punktum, Aasen nesten aldri.

Aasen skreiv mykje prosa, i dagboks form, eller altså i ordbøkene og grammatikkane. Dei frittståande artiklane er få.

Vinje skreiv for kva det skulle vere av høve. Det gjorde Aasen nesten aldri. Han syrte i stor grad sjølv kva han skulle skrive og var nok eit godt stykke på veg ein individualist som sjølv ville bestemme, medan Vinje gjerne skreiv det andre bad han om.

Det er nok ei ganske idealistisk forklaring. Skrivesituasjonen var svært ulik for dei to. Aasen hadde i praksis fast inntekt frå 1842, sjølv om han levde i uvisse no og då. Vinje måtte skrive for å leve og selde skrifter stykkevis og delt. Den tryggaste tida hans var åra som Drammens-korrespondent 1851–1858. Då hadde han fast inntekt, som han plussa på med ymse litterære tingingsverk. Med Dølen gjekk Vinje inn i uvissa, medan Aasen hadde sikkert stipend frå Stortinget like sidan 1851.

Likevel var det slik at også Aasen skreiv tekstar for bruk. Diktar ville han ikkje kalle seg eller bli rekna som. Han skapte songar, og skal ein ta han på ordet, ligg det i dette ei oppfatning av at det var eit kvalitetsskilje mellom dikt og song. Eit slikt skilje er ikkje lett å sjå i det Vinje skreiv om same emnet, i den grad han kommenterte det i det heile.

Ivar Aasen tok til på dansk, heldt fast ved det språket i det meste av prosaen, men skreiv lyrikk berre på nynorsk etter 1850. Han var på veg frå ordskifte til skifte av ord, til skifte av språk.

Eitt år skil seg ut. På aeks månader frå juni til desember 1863 gav dei to ut *Symra, A Norseman's Views of Britain and the British*, og *Diktsamling*.

PROSAEN I AASENS VERK er mindre kommentert og analysert enn lyrikken hans. Om grammatikkane og ordbøkene er det meste sagt, det er så, men artiklane hans har færre fagblikk granska.

Arne Apelseth har skrive godt om meisterplanen «Om vort Skrift-sprog».³⁴ Stephen Walton har over nær 50 tette sider gitt eit klokt portrett av ordbøkene og korleis dei blei mottekte.³⁵ Kjell Venås har skrive utsøkt om forordet i *Norsk Grammatik* frå 1864.³⁶ Elles er lite anna enn fragmentariske merknader å finne. Dei frittståande artiklane hans er rett nok ikkje mange, men dei er viktige i forfattarskapen og for ettertida.

Nokre små tekststudiar endrar lite på dette, men kan vise nokre typiske trekk ved Aasens sakprosa.

Det korte stykket «Um Vanen» skreiv han truleg i 1852, og det blei først trykt i *Skrifter i Samling* 1912. Aasen tenkte stort og nytt, men kunne vere konvensjonell og konservativ i kvardagen. Det gjer denne teksten ekstra interessant.

Han opnar med eit ordtak og plasserer situasjonen i det heilt ordinære: «Det er inkje so vondt ein ei kan venjast med da, plar folk segja». Her kjem det ein god del godtkjøps-filosofi om at folk toler litt av kvart berre dei trur dei kan tene på det. Nyfikne som folk er, må dei ikkje snu seg bort frå alt som kan vere krevjande, og vanen må ikkje få ta makta over ein. «Da er betre te sløkkja Elden paa Tilet enn paa Taket», konkluderer den skrivande rådgivaren. Meir enn noko anna ser dette ut som ei skriveøving i det nye språket, kanskje tenkt til *Prøver af Landsmaalet i Norge*, som Aasen gav ut året etter.

Den historiske grunngivinga for å skrive den boka gav Ivar Aasen på sin måte i «Bidrag til vort Folkesprogs Historie». Han tok til å skrive stykket hausten 1883 og var ferdig 31. mars 1885.³⁷ Då blei det liggjande, for han kjende seg ikkje ferdig og gjekk i gang med ein ny versjon. Den kom han berre eit stykke på veg med. Manuscriptet frå 1885 blei så trykt i eit festskrift til Halvdan Koht i 1953.

³⁴ Arne Apelseth: *Mellom tradisjon og innovasjon*, Hefte nr. 2, Ivar Aasen-året 1996, Oslo 1996.

³⁵ Stephen Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 408–426 og 524–555.

³⁶ Kjell Venås: «Ivar Aasen: Norsk Grammatik. Ei bok – eit språk – eit kulturgrunnlag», i Per Strømholm (red.): *Bokspor. Norske bøker gjennom 350 år*, Oslo 1993.

³⁷ *Norsk folkemål. Grunnskrifter og innlegg gjennom undre år. Til Halvdan Koht på åttiårsdagen 7. juli 1953*, Oslo 1953 [s. 295].

På godt og vel 30 store sider gjer Aasen unna mange hundre års språkhistorie i tre delar. I del I viser han korleis det gamle norske språket blei brukt i skrift fram til reformasjonen, i del II sporar han opp leivningar frå dette språket i mengder av verk, og i del III gjer han skarpt greie for dei prosessane som sende allmugespråket inn i miskreditten. Der har han også lagt inn noko så uvanleg som ei diskret sjølvmelding av arbeidet sitt og kva som har vore viktig for han.

Den som les dette, tenkjer ikkje på det som ein uferdig tekst. Det umiskjennelege Aasen-grepet er der. Han set opp motstykket til sin eigen posisjon og drøftar seg fram til det motsette av utgangspunktet. «Vi høre stundom visse besynderlige Meninger om denne Sag», heiter det i openingsdelen (s. 19). Kven dei er, dei som meiner dette, skriv Aasen sjeldan, heller ikkje her. I staden set han heller namn på alt og alle som han bruker i eigen argumentasjon. Det er i del II han spikrar fast eigen posisjon, og der dreg han vekslar på heile 37 verk av 33 namngitte forfattarar, utgitt frå 1552 til 1820. Det er gidd tenkt og snedig gjort.

Denne teksten er like tett som mykje av det Aasen skreiv elles. Utan å studere manuskripta er det uråd å seie korleis han har arbeidd med teksten, men leseren merkar at forfattaren harfilt og tenkt, grubla og skrive. Med døme frå *Diplomatarium Norvegicum* og mange andre kjelde-skrifter viser han at der var eit felles skriftspråk i høgmellomalderen med små geografiske og andre skilnader. I si vesle språkhistorie var det skriftspråket han skreiv mest om, og om diktverka var få, var der likevel mykje anna som var skrive.

Han meiner å finne tydelege spor etter at fleire kunne lese og skrive enn ein hadde rekna med: «Overalt i Bygderne har [det] været Folk, som forstode at opsætte et ordentligt Dokument» (s. 18). Det som kunne kallast dialektformer, var verken mange eller viktige, og i hans eigen tekst er der ingen spor av eit språkleg-geografisk hierarki. Derimot framhevar han den forakta som han meiner mange i det makthavande sjiktet viste overfor dei som enno brukte norsk. Bøndene, altså allmugen, heldt fram med å bruke norsk fordi tidlegare generasjonar hadde gjort det, og fordi det var det rette talemålet for dei.

Aasen set eit skarpt skilje ved reformasjonen. I tida etterpå var det etter kvart «kun enkelte sparsomme Glimt af Folkesproget» (s. 31). Med tanke på den fordøminga og likesæla dette språket blei møtt med, finn Aasen det påfallande at nokre embetsfolk likevel samla inn kunnskap om

språket. Både forfattarar og slike embetsfolk blei nødvendige føresetnader for at fragment av skriftspråket kunne førast vidare. Etter kvart auka kunnskapen om det gamle språket, og «dette maatte da etterhaanden lede til en Vending i Opfatningen af Almuesproget» (s. 41).

Det danske språket var blitt meir eller mindre einerådande, og det gamle norske språket redusert til kvardagsspråk for folk flest. Det forklarer Aasen med tre faktorar. Noreg var blitt ein del av eit anna land, men det forklarer på langt nær alt, meiner han. Verre var det med dei mange danskane som hadde fått arbeid og bustad i Noreg, og som tok språket sitt med seg. Verst var det likevel «at ogsaa de indfødte Høvdinger og Enbedsmænd vendte sig bort fra Landets og Almuens Sprog» (s. 42). Aasen dempar kritikken av makta i København og set i staden fram ein sterk kritikk av dei lydige norske bodberarane.

Over tid var dermed ikkje berre det gamle norske språket blitt redusert til eit språk for allmugen. Det var blitt ei framand språkform, eit forvanska språk. Allmugen måtte distansere seg frå sitt eige og prøve seg i *det indførte Sprog* som best ein kunne. Talemålet til allmugen blei møtt med *Ringeagt*, og det innførte danske språket fekk meir og meir merk-semd, og det som i notidstale ville heite status. Det Aasen her gjer ganske presist, er å skildre på eit overordna nivå korleis eit språksamfunn blir kolonisert gjennom ei kolonimakt, koloniherrar og deira innanlandske medlauparar. På det individuelle nivå jamfører han dette, utan å seie at han gjer det, med tenestejenta som må snakke som husbonden på herregården. Det stod ikkje å lese tydeleg i andre skrifter den gongen, så kvar hadde han det frå? Han hadde hørt det ofte nok på reisene sine.

I del II namngav han kvar ein forfattar og kvart eit verk han kommenterte. I del II nemner han knapt andre enn brørne Grimm. Fem sider før slutt skriv Aasen seg anonymt inn i historia ved å omtale all si gjerning i passiv utan noko subjekt. Det var blitt ønskjeleg å få fram eit oversyn over dei norske dialektane, slo han fast: «En saadan Undersøgelse er ogsaa foretagen og derved har det da viist sig, at disse Bygdemaal i Grunden ikke ere saa forskjellige» (s. 46). Etter nokre linjer om skilnadene drog han til: «Og trods al Ulighed bliver der dog endda et fast Grundlag ti et selvstændigt Sprog» (s. 47). Det grunnlaget finn han over heile landet, men det har «sin friskeste Kjerne i Landskaberne paa begge sider af Landets længste Bjergkjæde.» Det viktige ordet er *begge*; for han var det ikkje tale om eit landsdelsspråk i vest.

Denne nye kunnskapen jamfører Aasen med språkvitskaplege arbeid med andre språk som det norske språket slektar på. Slik gir Aasen det språket han fann, i denne tette studien både ei historie og ein internasjonal samanheng.

Aasen blei gamal og snakka seg sjølv ned dei siste åra. Ikkje i denne historia. I tillegg til utsegna ovanfor peikar han diskret på to andre sider av sitt eige arbeid.

Det eine er kunnskap. Dei seinare åra har vitskapen fått ei rekke opplysande skrifter om allmugespråket, skriv Aasen: «Disse Skrifter have da ogsaa havt det Formaal at paavise Folkesprogets store Værd og Betydning for derved at tilskynde Almuen til at holde fast ved den gamle nedarvede Taleskik og især til at sætte større Pris paa de Bygdemaal, som have bevaret mest af det gamle Sprog (s. 48).» I 1885 såg forfattaren tilbake på eige verk og samanfatta kva det var han hadde utretta, og kvifor han hadde gjort det.

Det andre er den dynamikken som no er skapt: «Efterat nu den senere Tids Arbeider have skaffet os Agang til en bedre Kundskab om vor gamle Bogmaal og de beslægtede Sprog, vil denne Tanke om en norsk Sprogform synes at være saa naturlig, at den vel altid vil paatrige sig og etter komme paa ny, om da den end for en Tid skulde være tilbagetrængt» (s. 49).

Dette var Ivar Aasens språkpolitiske posisjon i alders år. I ettertid har mange henta fram ei utsegn som dukka opp i 1948. Kjelda var den nordlandske mangesyslaren Ole Tobias Olsen. Denne refererte noko Aasen skulle ha sagt: «Om han på forhånd hadde ant, at hans arbeid med dialektforskningen skulle ha kommet til å skape en slik ufred og splittelse som det hadde gjort, ville han neppe ha tatt det opp.»³⁸ Det kan Aasen ha sagt i ei tung stund, men han kan ikkje ha meint det lenge. I hans forståing av kva som skaper endring, representerte det språket han hadde funne ei kraft som ikkje kunne stoppast. I striden for nynorsk gjekk ingen lenger enn Ivar Aasen. Han hadde ein plan og snudde aldri. Myndig skreiv han no historie, si eiga historie.

DET ER NOKO MED LYRIKKEN til Ivar Aasen. Retorikken i lyrikken hans, altså tenkjemåten og seiemåten, har mange gitt sine klare og overtyande ana-

³⁸ «Ivar Aasens vurdering av sitt eget arbeid», *Morgenbladet* 9.7.1948.

lysar av Han dikta om menneske i landskap, og han dikta menneska pålitelege, arbeidsame, sindige og små, skriv litteraturvitaren Jan Inge Sørbø.³⁹ Ein annan litteraturvitar, Willy Dahl, har sagt det slik: Folk arbeider i Aasens dikt, og det gjer dei ikkje i den lyrikken som blir produsert av hans samtidige.⁴⁰ Den retoriske likskapen, altså tenkjemåten og skrivemåten, er stor mellom visene og ordtaka, skreiv eg sjølv: Verselinja *Til lags åt alle kan ingen gjera* frå sluttsongen i *Symra* var like mykje eit ordtak som ordtaket *D'er inkje lett å gjera alle til lags*. Utbrodert:⁴¹

«Songlyrikken var klar og enkel, gjerne moralsk oppbyggjeleg, og lett å forstå. Det enkle skulle berre ikkje bli banalt. Dikta er ganske stille; der er ei roleg stemning. Tankar og meiningar, metaforar og former, går ofte att frå tidlege til seinare dikt. Dette var ei dikting i kontrastar – løgn og sanning, høg og låg, mellom ytre glans og indre verdi.

På sitt beste blei diktinga hans monumentalt enkel. Form og innhald blei eitt i dei form- og taktfaste dikta. Han skreiv i klassiske former, dikta nytt til den gamle stevtonen og gjorde dermed tekstane sine lette å lese, gode å syngje, noko å kjenne seg att i. Den litterære strategien var dobbel. Han viste at nynorsk kunne brukast til alt, også dikting, som eit taktfast og språksikkert svar til kritikken frå smaksdomaren i 1852, og han gav publikum noko nytt å lese og syngje.

Dei fekk sin eigen tanke sungen.»

Songen er stikkordet. Ivar Aasen skreiv viser, ikkje dikt, songlyrikk, ikkje skriftlyrikk. Vegen inn i lyrikken gjekk frå høvesdiktinga, han debuterte som høvesdiktar i 1833, og tradisjonssongane og skillingsvisene. Samstundes er der eit retorisk trekk i visene hans der det munnlege møter der skriftlege.

Det er så mange setningar som opnar med mynde, dei slår fast, dei seier det utan etterhald. «Det er», skreiv Aasen, og slik var det. Denne litterære signaturen var til hjelp då kulturminister Trine Skei Grande var i beit for ei påliteleg kjelde.⁴² I årevis hadde ho brukt eit sitat som ho heile tida hadde meint var frå Ivar Aasen, men stemte det?

³⁹ Jan Inge Sørbø: "Portalen til nynorsk-lyrikken", *Syn og Segn* 1996, s. 58.

⁴⁰ Willy Dahl: «Ein bondegut møter kapitalismen. Eller: Ivar Aasens lyrikk på ein annan måte», *Syn og Segn* 1977, s. 330.

⁴¹ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 263.

⁴² Trine Skei Grande i telefonsamtale med forfattaren 2.5.2018.

Dei tru, det skal ganga so fort
alt fram til noko stort.
Men so tida nokot stort er naatt,
so kjem det stødt nokot saatt.

Ho kunne linjene på rams og siterte heilt rett. Eg hugsa ikkje linjene i far-ten, men kjende att skrivemåten: «Dei tru, det skal ganga ...», med sitt innebygde varsel om at det er kanskje ikkje slik som dei trur. Dette er siste halvdelen av første strofa i «Att og fram», ei vise som var med uendra i alle tre utgåvene av *Symra* – 1863, 1867 og 1875.

Hausten 1859 skreiv Vinje og Aasen saman «Kippevise», ei ertande nidvise om redaktør Christian Friile i Morgenbladet og redaktør Bjørn-stjerne Bjørnson i Aftenbladet. Ein skal ikkje ha lese mykje Aasen for å sjå kven som skreiv dei tre første linjene, og kven som skreiv den siste, som går att i alle fem strofene:⁴³

Morgenbladet og Aftenbladet
dei grønast som Lauv på Lind.
Det eine vekkjer os upp til Kaffe,
det andre svæver os inn.
Det gjenger so underleg til i Verdi.

Det er i forfeltet det skjer hos Aasen. Der set han tonen.

Dei to skreiv meir i lag. Eit niddikt frå 1850 er ganske sikkert det første fellesverket. Trykt blei det først i 1862, i *Dølen*, og der fortalte Vinje kva som hadde skjedd.⁴⁴ Han hadde kome på kant med redaktør A.B. Stabell i Morgenbladet vinteren 1850 og var kantete nok til a) å skrive eit niddikt, b) sende det til redaktøren, c) bli refusert av redaktøren og d) bli løyst frå ein avtalen om å skrive i avis som han mente han hadde, men som redaktøren nekta for at han hadde.⁴⁵ Diktet handla om Stabell og Lud-vig Kristensen Daa, meiningssterk redaktør i Christiania-Posten. Vinje skreiv første strofa, Aasen den andre:⁴⁶

⁴³ *Dølen* 30.10.1859.

⁴⁴ *Dølen* 1.6.1862.

⁴⁵ A.B. Stabell: «I A.O. Vinjes Biographi», *Illustreret Nyhedsblad* 9.8.1863.

⁴⁶ Ottar Grepstad: *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016*, Ørsta 2017, s. 113 og 132.

Vor Politik er snurrig nok.
Den er, ja hvad? – et ægte Babel,
som falder ei ved første Schoch:
den muret er af Daa og Stabell.

De snakke vildt. – Naturligvis:
Forvirring er jo netop Babel.
De kjævle paa sin gamle Vis,
som brød man sig om Daa og Stabell.

Dette er slappe greier. Her er ingen ting av det personlege preget som begge utvikla i nynorsk lyrikk seinare, lite endrar seg frå første til andre strofe, og visste ein ikkje betre, var det uråd å seie kven som hadde skrive kva. Aasen nemnde aldri noko om dette diktet. Det kan ha vore tilfeldig, men det kan også vere at han såg kor därleg det var. Vinje, derimot, brukte alt han måtte ha for å fremje si sak og var på langt nær så streng mot eiga dikting som Aasen var.

Kor som er: Både Aasen og Vunje dikta mykje betre på nynorsk enn på dansk.

EIN MAIKVELD I 2008 sat eg og grunda på kva det kunne passe å snakke om ved det faste opningsinnslaget under Dei nynorske festspela: blomar på Aasen-statuen i Ørsta. Nokre veker seinare stod eg der med desse opningslinjene i det året landet feira 100-årsjubileet til Olav H Hauge: «Ein tanke slo meg her om dagen. Kunne det vere mogleg? Nei, det kunne ikkje stemme. Jo, det var nok slik.»

Eg hadde leita gjennom alt som var å finne av skrifter av Ivar Aasen, og den eine biografien etter den andre. Ingen stad såg eg spor etter det eg lurte på. Framleis usikker på om det kunne stemme, sa eg: «I alt det som er skrive om Ivar Aasen, er det noko som manglar. Det er eit merkeleg fråvær i livsverket hans slik det er blitt omtalt til no.» Kunstpause: «Ivar Aasen tok aldri ordet.»

Sant nok, han skreiv fleire tenkte talar til 50-årsjubileet for Grunnlova i 1864. Dette var djupt alvorlege tekstar frå ein som hadde brukt nett-

opp linjene i Grunnlova som sitt sterkeste argument for det norske skriftspråket som han hadde funne. Bortsett frå å dikte talar, som Vinje også gjorde fleire gonger, stod Ivar Aasen altså aldri på ein talarstol.

Med Vinje var det heilt motsett. Han snakka gjerne, gjorde det ofte, var ein høgt verdsett og respektert talar. Truleg har den sida av verket hans vore undervurdert i forsøket på å forstå den posisjonen han vann.

I biografien *Historia om Ivar Aasen* (2013) blei observasjonen frå 2008 til eit konsentrat på fire linjer, forma for å bli framført munnleg, plassert som det gyldne snittet i boka, det mentale blikkpunktet på side 302:

Ivar Aasen ytra seg offentleg berre i skrift.

Han tok aldri ordet i ei offentleg forsamling.

Han heldt aldri noko offentleg foredrag.

Ivar Aasen stod aldri på ein talarstol.

Alt han oppnådde av tilslutning og endring, gjorde han gjennom skrift.

Det vekte strid då Clint Eastwood i valkampen i USA hausten 2012 heldt sin tale for den republikanske presidentkandidaten. Han valde å gjere det ved å tale til ein tom stol med skiltet president på. Han snakka som om Barack Obama sat i den tome stolen. Eastwood var slett ikkje den første som snakka til ein tom stol.

Ivar Aasen gjorde det alt i 1864. Den 17. mai det året var ein uvanleg nasjonaldag av to grunnar. Grunnlova var 50 år gammal, og «Ja, vi elsker» blei for første gong framført offentleg av eit stort kor på Slottsplassen. Det var en meget stadselig femtiårsfest i kraftig regnvær som letta om kvelden, noterte Aasen i dagboka si. Songen nemnde han ikkje, men han passa på å skrive at det var stort fyrverkeri om kvelden.

I dette jubileumsåret skreiv Aasen sin tale for ein tom stol. Ja, ikkje berre ein, men tre slike talar skreiv han som sjølv aldri stod på nokon talarstol.

Den første fiktive talen var «Ettersleng til 17de Mai». Aasen skildrar høvet som ein draum, der han i eit lite lag gjer noko han aldri gjorde i røynda – «eg reis upp og heldt ein Tale». I den talen vil han bak ordet «fridom», som no blir så mykje brukt. «Slikt er alltid vent at høyra, naar ein trur, at ein sjølv er fri», seier Aasen, siterer unemnt frå si eiga bakhendtvise «Gagnløysa» frå 1851 og snakkar i stort alvor om at mange ikkje er så fri som dei trur.

I stykket «Um Vanen» hadde han framheva kor viktig visdom er. I denne talen feirar han kunnskap og opplysning: «Der er ymse Krokar i Huset, som trenga vel til Upplysing».

Det andre hovudpoenget hans er språkleg. I dag har ein sunge danske og svenske songar, seier han, men ikkje ein einaste norsk. «Kor gjeng det til, at me alle saman vilja so gjerne vera Nordmenner, men ingen av oss torer tala elder kveda i Nordmanns Maal?»

Der fekk Bjørnson sitt, for 17. mai 1864 var den store, offisielle premieren for nasjonalsongen hans. Om det ikkje var for det at talen aldri blei trykt medan nokon av dei levde.

Også «Talar fyre tome Stolar» skreiv Aasen i jubileumsåret 1864. Dei tre talane blei først trykte i *Skrifter i Samling* 1912. Den første handlar om minnefestane, den andre om framgangen i landet, den tredje om fridommen.

Etter få avsnitt er fridom det sentrale temaet alt i den første talen. Det var ein stor fordel for Noreg at løysinga i 1814 kom då «Fridoms Anden var i sitt friskaste Lag, daa Folk vaaro mest tilbøygde til den Tanken, at Borgar og Bonde hadde same Rett til at styra sin eigen Bunad». Denne fridommen vil på ulike vis jamleg vere truga og kan ikkje takast for gitt, meiner talaren. Som i mange andre tekstar er det allmugen Aasen er oppteken av, og han har lite sans for at «Tvang og Trugsmaal» blir brukte i staden for å vende seg vennleg til innbyggjarane. I etterslengen retta han ein ganske allmenn kritikk. Her peikar han nokså tydeleg på styresmakten.

Aasen var ein utviklingsoptimist, sjølv om han nok fann sin språklege gullalderdraum i fortida. Det er bra at der er ein landens framgang, men ein bør hugse på at det går framover i andre land også. I dette ligg ei åtvaring mot det sjølv gode. All framgang er ikkje like verdfull; talaren er ikkje med på at alt nytt alltid er av det gode, og held på den måten fast i grunntanken sin om vanen. Framgang i kunnskap og opplysning må til, men også her spørst det kva kunnskap det er tale om.

«De kann vera god Framgang i eit Hus, um det inkje er maalat paa alla Sidor og fullsett med Speglar og Blomsterkruokkor», seier talaren. Han held fram å snakke om det norske hus, som han gjorde i førre talen, og no ligg det han på hjartet å minne om alt det verfulle forfedrane utretta.

Den tredje talen bruker Aasen til å oppsummere det heile og klargjere kva fridom handlar om. Då han skreiv dette, hadde han nettopp avslutta hovudverket *Norsk Grammatik*. I fire år sat han og gnikka på formuleringane i forordet. Det er og blir ein av dei viktigaste sakprosatekstane Aasen skreiv, og meir enn om språk handlar forordet nettopp om fridom.

Den fridomen så mange snakkar om, må gjelde for alle, same om dei er rike eller fattige, same kvar dei bur. Der er «ein Herre yver alle Herrar», det er noko som heiter «Rett og Sanning», og folk må få leve sine liv, same kva dei seier, «desse sjølvvalde Regjeringar av Modeherrar og Modefruer». På ny set talaren si lit til kunnskap og opplysning.

Kritikken hans er moderne i fargen, tydeleg i forma, skarp mot dei som har makt og bruker den på måtar han ikkje vil godta. Grunnlova var det viktigaste argumentet Ivar Aasen hadde når han skreiv, også forord i grammatikk eller ordbok. I desse talane praktiserer han den retten han meiner Grunnlova gir, men nemner det utgangspunktet berre som snarast.

AASEN VAR ALDRI UTANFOR NOREG, men mentalt var han mykje i Sverige. Han hadde bøker på tjue språk – svensk var eitt av dei, og svensk var eit av dei ti språka han forstod og kunne lese.

Aasen var godt orientert om svensk og dansk språk og om historia til desse språka. Språkmønstera i svensk og dansk var nyttige som rettleiande system for han. Det fekk han til å ta inn nokre former i nynorsk som ikkje fanst i talemåla, men i både svensk og dansk, som verbforma *kastade*, medan han ikkje ville ta inn dativforma, som fanst i mange talemål, men ikkje i andre nordiske skriftspråk. Generelt var han kritisk til dansk, men meir positiv til svensk, og han framheva gjerne dei likskapane han fann mellom svensk og norske dialektar.

Han følgde med i det sentrale svenske språkfolk gjord, Johan Er. Rydqvist var den fremste svenske språkforskaren på 1800-talet, Aasen følgde godt med på det han skreiv, og han skreiv ein velinformert artikkel om Rydqvist då han døydde i 1877. Carl Säve var ein annan sentral svensk språkforskar, og han møtte Aasen alt i 1853. Carl Gustaf Zetterqvist samla mange prøver av talemål i Norden, og han fekk hjelp av Aasen til å skaffe ein del norske

I den grad Aasen var seint ute, var det ein fordel, for då kunne han få hjelp av verk som var fullførte i andre land. Eit slikt verk var *Ordbok över svenska allmoge-språket* av Johan Ernst Rietz frå 1867.⁴⁷

Ivar Aasen tok vare på tyske skjemteblad, franske celebritets- og dameblad, engelske illustrerte, danske og svenska folkekalendrar, norske årsalmanakkar, islandske tidsskrift, dansk-norske nyheitsblad, nynorske barne- og ungdomsblad, og aviser som det passa seg. Av språkfaglege bøker var ein del utgitt i Sverige, men elles har svenskeunionen sett lite preg på boksamlinga hans.

Berre to viser er gjendikta til svensk, men ingen av dei er blant dei viktigaste i forfattarskapen, sjølv om begge er frå Ervingen. «No er det tid» blei gjendikta og utgitt anonymt i 1903. Erik Axel Karlfeldt gjendikta «Aka på isen håle» i 1906. Songen blei ein populær songdans i Sverige og ein gjengangar i svenska songbøker, og Carl O. Segerberg skreiv jamvel ein ny melodi til teksten.⁴⁸

ALLE MENNESKE STÅR i ein samanheng. Det gjeld også Aasmund Olavsson Vinje og Arne Garborg. Ein slik samanheng formulerte forfattaren Vetle Vislie i 1905. Då var Ivar Aasen borte, likeins Vinje, og Garborg hadde skrive sine beste verk. At det var slik for Garborgs del, kunne rett nok ikkje Vislie vite då han skreiv ein artikkelserie om Vinje vinteren 1904–1905. På nasjonaldagen 17. mai 1905, det var enno tre veker til 7. juni, sette han dette på trykk:

«Ivar Aasen rudde marki og la ein traust grunnmur, og Vinje la det fyrste umfaret paa bygnaden. Og so kom Garborg og bygde fleire umfar, og etter honom eller i fylgje med honom mange trauste arbeidskarar som la umfar etter umfar, og no er bygnaden so vidt ferdig, at det norske folket held paa og flyt inn.»⁴⁹

Ivar Aasen hadde funne det nynorske språket og gitt det sin grammikk, si ordbok og sine songar. Han gav sunt bondevit eit stilsikkert uttrykk og skjulte seg som best han kunne i tekstane, som skreiv han på vegner av andre.

⁴⁷ Kjell Venås: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*, Oslo 1996, s. 258.

⁴⁸ Knut Grepstad: *Meir info til Kanskje-komponisten Ivar Aasen*, [Bergen] august 2017, s. 8.

⁴⁹ Vetle Vislie: «A.O Vinje og den dansk-norske bokheimen», V, *Høgskulebladet* 17.5.1905.

A.O. Vinje skreiv det språket inn på det eine samfunnsområdet etter det andre med sine kommentarar, dikt, talar, reisebrev og essay. Han var ein individualist som gjekk inn og ut av eit kollektiv, skapte kunst på høgaste nivå og dyrka sjølvskjert ordet *eg*.

Arne Garborg etablerte nynorsk som språk for kritisk samfunnsfilosofi, bygde opp skrivestader for dei mange som no ville skrive nynorsk og søkte ly i ordet *eg* slik jærbuen stikk bak hjørnet når det blæs opp.

Der var ein fjerde, nordlendingen Elias Blix, ordets sølvmedkunstnar, som Einar Økland så treffane har kalla han. Dei geografiske adjektiva sunnmøring, jærbu, døl og nordlending er meir enn staffasje. Orda vitnar om eit språk som kom frå mange kantar, og ein litteratur med mange kantar.

Aasen var den første. I fleire år var han den einaste som skreiv nynorsk. Vinje var den andre. Jamsides og like var likevel ikkje Aasen og Vinje. Aasen var og blei grunnleggjaren, den første, han som fann ein skriftspråkleg fellesnemnar for dei fleste talemåla i landet. Han skreiv og dikta utanfor spaltene i ordbøkene og sidene i grammatikken, men han stod for teori, Vinje for praksis. Aasen dikta på landsmål frå 1851, men skreiv nesten all sakprosa på dansk gjennom seksti år. Vinje skreiv knapt noko på dansk etter 1858, skreiv mykje meir nynorsk enn Aasen, og tekstanane hans nådde fleire leesarar.

Vinje og Aasen hadde ganske lik sosial bakgrunn. Aasen skaffa seg ingen akademisk tittel og avslo å få det. Vinje tok juridisk embetseksamen og brukte den posisjonen når han trøng det, til dømes i *A Norseman's Views of Britain and the British*.

Arne Garborg debuterte som nynorskforfattar med forteljinga *Ein Fritenkjar* i 1881. Han var nr. 23 i rekka av forfattarar som gav ut skjønnlitterære bøker eller småskrifter på nynorsk eller dialekt. Då han døydde i 1924, hadde nær 300 gitt ut slike bøker. Det som i 1850 hadde vore skriftspråk for ein person, var i 1920-åra i ferd med å bli eit fullt utbygd nynorsk skriftkultur med institusjonar, organisasjonar, forlag, aviser, teater.

I dag skriv mange hundre tusen i dette språket kvar dag. Det er ikkje det spesielle. Nynorsk er eit heilt vanleg språk. Berre på eit punkt skil det seg frå nesten alle andre språk. Vi veit kven det var som første gongen ordla seg skriftleg i dette språket.

FØRST VAR DER EIN. Så blei dei to. Verdshistoria er full av pionerar, det er ikkje det, men det er ein fascinerande tanke å vite at i fleire år var Ivar Aasen den einaste som skreiv nynorsk. Tanken er også skremmande, for berre tre år etter at han sette den første teksten på trykk i Morgenbladet, kom kritikken, motstanden, nedlatinga.

I meining hadde han støtte frå fleire, men i praksis var han åleine. Nettopp i 1852, då motstanden kom, skreiv han at det er «Forskjel paa de to Ting: at gjøre en Ting og at tage en Ting i Brug».⁵⁰ Det er ei vakker setning men blir den tenkt sjølvbiografisk, er det også ei sterk setning. Vel skreiv han dette nokre månader før den første motstanden mot nynorsk kom på trykk, men på reisene landet rundt hadde han møtt mykje uforstand, tykte han. 1852 var året då Ivar Aasen endeleg viste korta og sa at Noreg måtte få eit heilt nytt skriftspråk. Det var også då han viste at han forstod kor krevjande situasjonen var.

Striden om det nye skriftspråket som Ivar Aasen hadde funne, tok ei ny vending i 1858. Med Dølen blei det alvor. Aasen hadde alt formidla mykje tradisjonsstoff, og det passa godt for dei som ville vise fram historia til den unge nasjonen. Vinje kunne sin tradisjon, men skeiv først og fremst om det som skjedde der og då, på eit språk ingen blad hadde vore redigerte på før. Det var alt anna enn greitt.

Dei første månadene av Dølen blei siste gongen Ivar Aasen skreiv noko vesentleg om den norske språksituasjonen utanfor fororda til ordboka og grammatikken. Frå då av konsentrerte han seg om å lage språk-systemet så godt som mogleg.

Dette kan tolkast som eit uttrykk for at han trekte seg ut av striden fordi han ikkje orka å bruke tid og blekk på slikt. Det kan også ha vore fordi han ikkje meistra rolla som offentleg meiningsaktør – talarstol og meiningspalter var to sider av same sak.

Der er ei tredje forklaring. Med Dølen oppstod ein heilt ny situasjon. Aasen var ikkje lenger åleine. No var dei to. Og dei to kunne gjere kvar sine ting. Aasen trekte seg tilbake til arbeidet med å fullføre hovudverket *Norsk Grammatik* – han visste det ville bli krevjande. Med sine forarbeid hadde han i åra 1842–1849 vore fem år på reise, skrive ein heil grammatikk

⁵⁰ Ivar Aasen: «Budstikkens Oplysninger om Sproget», *Morgenbladet* 27.2.1861 og *Skrifter i Samling*, III, 1912, s. 173. På innbretten til *Viljen til språk* (2006) har eg dverre tidfesta sitatet til 1852.

og ei heil ordbok. Frå 1859 skilde han dei to arbeida frå kvarandre – først grammatikk, så ordbok. Den organiseringa av arbeidet kvilte på ein føresetnad om arbeidsdeling mellom Vinje og han. Aasen visste at han kunne overlate den offentlege rolla til Vinje.

DEI SKREIV DET SAME SPRÅKET, men dei skreiv langt frå på same måten.

Dikte kunne både Aasen og Vinje. Mangkunnige var dei begge, men ensyklopedist var berre Aasen. *Heimsyn* kalla han «ei snøgg Umsjaing yver Skapningen og Menneskja, tilmaatad fyre Ungdomen. Det var truleg det første han skreiv for ei definert målgruppe, og då han skulle gjere det i 1875, valde han altså dei unge lesarane. Det er fort gjort å gløyme at Aasen var lærar i ni år, og at det var den einaste stillinga han hadde. Det Aasen sjølv heldt høgast i alders år, var nettopp allkunneboka *Heimsyn* – og *Norske Ordsprog*.⁵¹

Den eine ordna språket, den andre brukte det.

Det var noko anna å gjere ein ting enn å ta den tingen i bruk.

Aasen ordna bokstavane i rekkjer og kolonnar og system, Vinje lét dei myldre i mange retningar, men sjeldan retningslaust.

Aasen kunne skrive tekstar som var dei føredøme i lærebøker om retorikk. Vinje skreiv slik ingen før hadde gjort i spalter i blad utgitt i Noreg.

Aasen skreiv stramme linjer i rytmar som var dei rista inn i stein, minimalistisk, knapt, formfast, distansert, med usynlege skilje mellom ordtak og verselinje. Vinje dikta i eit stort repertoar, polemisk, jublande, lengtande, elskande, men også han formfast.

Aasen var personleg i brev og anna privat skrift, distansert i det offentlege. Det forsterka han ved å gjere seg anonym så ofte han kunne, ikkje berre fordi det framleis var ein konvensjon å publisere usignerte tekstar, men også fordi han ønskte at det skulle vere slik. Han hadde gitt ut fleire visetrykk under fullt namn før *Ervingen* kom anonymt i 1855. Det forklarte han til ein ven heime: «E vilde ikje late Folkje der heime høyre, at e fær aa prima mæ slikt; e æ redde, dei vilde verte sinte paa me, fyre du veit, kva han ‘Pontoppidan’ seie um ‘Skuespil’ i Forklaringjinnne sinaa». ⁵²

⁵¹ Halfdan Møller: «Ei vitjing hjaa gamle Ivar Aasen», *Stille Stunder* 3.10.1896 og *Den 17de Mai* 15.10.1896, Aasentunet.no, lesedato 3.6.2012. Ivar Aasen nemner ikkje gjesten i dagboka si.

⁵² Ivar Aasen i brev til Maurits R. Aarflot 19.2.1855, i *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 268 f.

Symra gav han ut anonymt sommaren 1863. *Diktsamling af A.O Vinje* stod det på omslaget på den boka som kom ut eit halvt år etter. Den anonymiteten gjekk raskt i oppløysing. *Visesamlinga* kom ut 20. juni 1863. Paul Botten-Hansen melde boka i *Illustreret Nyhedsblad* alt 28. juni, utan å nemne kven forfattaren var. Den 8. juli skreiv derimot *Stavanger Amtstidende*: «Bogen er skrevet paa Landsmaal og man har ogsaa som dens Forfatter gjettet paa Maalsagens Fader og Stridsmand Ivar Aasen.»⁵³ På mindre enn tre veker var fofattaren identifisert. Likevel heldt han fram med å gi ut *Symra* anonymt.

Aasens og Vinjes livsverk har vore eit prisme for bryting av interesser og forståingsformer, som er blitt omforma til tiltak, arrangement, kunnskap, formidling. Over tid er nok det språklege og kulturelle blitt viktigare enn det nasjonale.

Dikta, visene og prosaen han publiserte, hadde 12 ulike signaturar:

- I.
- I.A.
- I. Aasen
- Iver Aasen
- Iver Andreas Iversen Aasen
- Ivar Aasen
- Dulheim
- Einar Einstøing
- Ohle Ohlzén
- Ohle Ohlzén Scharfvebagchen
- Olav Ingenstad
- Æsing

Det spesielle er at han gjorde seg meir anonym for avislesarane etter 1858, året med ein av dei tidlege og store språkdebattane. Frå då av sette han berre unntaksvis namnet sitt under det han skreiv i avisene, og det meste av det han skreiv anonymt, stod på prent i nynorskavisar.

⁵³ «Korrespondance fra Christiania», *Stavanger Amtstidende* 8.7.1863.

Det er godt gjort forbi all tvil at Dølen på langt nær var eit einmannstidsskrift for Vinje.⁵⁴ Ein av dei viktigaste medhjelparane var Ivar Aasen. Kor viktig han var, vil nok aldri bli klarlagt endeleg. Frå ulike kjelder er eit oversyn over det han heilt sikkert skreiv, samla i denne bibliografien (sjå s. 87 f.). Der er 42 tekstar tekne med, og dei spenner frå viser og kommentarar til segner og omsetjingar.

Aasen skreiv nok meir. Det vitnar eit manuskriptfunn i Nasjonalbiblioteket om.⁵⁵ I ein kassett med uordna handskrifter etter Aasen ligg eit reinskrive manuskript på fem sider med tittelen «Innanlands Tidender», signert «(I.A.)». Dette stod på trykk i Dølen 27. mai 1860, utan signaturen. Dølen hadde mange slike spalter med nyhetsnotisar og anna småstoff. Aasen skreiv ganske sikkert meir enn den eine som blei prenta få veker før Vinje la ut på reisa til Trondheim 11. juni 1860. Ein lingvistisk analyse kan kanskje avdekkje fleire spor etter redaksjonsmedarbeidaren Ivar Aasen.

Som avisskribent var Ivar Aasen lite synleg for dei som truleg hadde størst interesse av arbeidet hans. Han var gjerne ein *Olav Ingenstad*, som det hende han kalla seg. Dermed gjekk han i eitt med den tradisjonen han samla inn og viste fram. Meir enn det. For å seie det med Reidar Djupedal, den skarskrivne: «Ivar Aasen vart ein emigrant i livet, like lite heime alle stader, eller alle stader like heime.»⁵⁶

Då er det lett å oversjå rampen Aasen. Ikkje berre snudde han opp ned på det meste i visa «Gagnløysa» om Bakvendland. Han herja også med samtida i monologen «Brev om Culturen». Med pseudonyma sine var han også fri til å leike med slikt som fall utanfor systema hans. Merkeleg nok har ein av dei tekstane også falle utanfor alle seinare opptrykk. «Om Sorg» stod på trykk i Dølen 31. juli 1859.

Den som hadde signert, kalla seg Ohle Ohlzén Scharfvebagchen, saman med kona Petronelle Juliane Wilhelmine Scharfvebagchen, fødd Heüch. Her driv Aasen gjøn med det å bli ein offentleg person og ha namnet sitt på trykk i avis, som han sjølv helst ikkje ville, men han vrir det også til ein kritikk av sosial kikking, og det gjer han fullt ut. Noko av dette dikta han seinare om i «Høgferd»: «Det er den største Gleda, ein liten Fyr

⁵⁴ Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 30 ff. og *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016*, Ørsta 2017, s. 40 ff.

⁵⁵ (I.A.): «Innanlands Tidender», Ms. 4° 915: 17, Nasjonalbiblioteket.

⁵⁶ Notat av Reidar Djupedal, kassett I 2, privatarkiv 355, Statsarkivet i Trondheim.,

kann faa / at han slepp upp i Høgdi, saa Folk maa honom sjaa». Stykket i Dølen må lesast, ikkje gjenforteljast, og er for første gong etter 1859 trykt på ny, i denne boka (sjå s. 476 ff.).

Og ikkje nok med det. Redaktør Vinje skreiv ein usignert, trøystande kommentar som heldt fram i neste nummer. Dette var avtalt spel og endå eit prov på at det framleis kan vere meir å finne ut om det dei to karane heldt på med i Dølen.

I DEI USIGNERTE MINNEORDA «Aasmund Vinje» i Dagbladet 5. august 1870 heldt Aasen fast i verdien av fortida. Han samla mange minne frå munnleg tradisjon, men skreiv sjølv få minnestykke om andre menneske. Sør gediktet over venen Sivert i 1836 var det einaste av slikt fram til venen Aasmund døydde 30. juli 1870.

Aasen hadde vore hos Vinje ein siste gong på Rikshospitalet åtte dagar før han døydde. Dei dagane budde han seg kanskje på det som kunne kome; Vinje hadde sjølv resignert. Nekrologen blei trykt to dagar etter eit like usignert minnedikt av Bjørnson i same avis.

Det meste av nekrologen er ein tett biografi om levd liv og utført verk. Til forskjell frå tekstane frå 1852 og 1864, der han etterlyste bruken av norsk språk, er denne skriven på dansk.

Portrettet er sett på avstand utan noko forstyrrande *eg.* Aasen lèt ikkje vere å peike på ymse karaktertrekk hos Vinje, som den vansken han møtte då han var ferdig utdanna jurist og blei sakførar. Vinje fann seg ikkje «oplagt til de tørre Forretningssager og heller ikke til den Strenghed, hvormed Lovens Forskrifter maa udføres mod forarmede Skyldnere eller andre uheldige Personer».

Aasen framhevar «den Kvikhed og Dristighed» som prega Dølen, slik det hadde prega det Vinje skreiv i åra før. Minneskrivaren vurderte og konkluderte om både ambisjonar, talekunst, litterær kvalitet. Vinje «syntes bedst anlagt som Digter, idet han altid stod færdig til at opfatte Forestillinger og Indtryk, for strax igjen at meddele dem til andre og helst til et noget stort Publikum». Det er godt sett og klokt tenkt.

For Aasen var det viktig å framheve nynorskforfattaren Vinje. Han blei lesen heile tida, mange las han, fleire blei fortrulege med «den uvante Sprogform». Også her peikar Aasen på allmenta, dei som les, ikkje den eine som skreiv.

Lenge før han sette punktum i minneordet, hadde han skrive vakkert om det vonde: «Døden stod ham nærmere end nogen havde ventet».

BEGGE TO VAR BORTE då dei drog ut i verda på verseføter. Nett som Vinje kom dei første gjendiktingane i 1881, Aasen til engelsk, Vinje til dansk. Den eine hadde Edvard Grieg som ambassadør, den andre henta ut det han trøng av tradisjonssongar og fekk utsøkt assistanse av Christian Sinding. Dei dikta på nynorsk, men blei omsette til dansk for å kunne forlate Noreg.

Då hadde Aasen også komponert fleire melodiar sjølv. I *Historia om Ivar Aasen* står det mellom anna: «Alt i 1865 hadde [Jakob N.] Kobberstad laga melodiar til nesten alle visene i Symra, men då han høyrdé dei Aasen hadde brukta, innsåg han at dei var betre.⁵⁷ Fleire av dei hadde han ikkje høyrt før, og Aasen nekta ikkje for at han hadde skrive fleire av dei. Det måtte berre ikkje bli kjent. Skriv ‘Tone frå Møre’, sa han. I ei seinare utgåve kjem eg til å skrive at De har skrive melodiane til den og den, sa Kobberstad. Når den tid kjem, ja, sa Aasen.»

Nøkkelseninga i kjeldedokumentet hadde eg forenkla til «De har skrive melodiane til den og den». Det Kobberstad var sitert på, var at han meinte Aasen hadde skrive «melodiane til nr. 2, 3, 4, 5, 16, 20». Samtalen er tidfesta til 1866, og då var det første utgåva av Symra han viste til. Kobberstad meinte at Aasen hadde skrive melodiane til «Nordmannen» («Dei vil alltid klaga og kyta»), «Dei gamle fjelli», «Heimvegen», «Gamle Gren-di», «Tjon og Von» og «Hugen til Rikdom» («No er alt so godt og vel»). Ifølgje kjeldedokumentet avsanna ikkje Aasen at dette stemte, og han namngav i tillegg sju andre viser han sjølv hadde sett melodi til.

Det Kobberstad fortalte i 1909, var frå ein samtale 43 år tidlegare. Med mindre han hadde notat frå samtalen, var det fort gjort å hugse feil namn og nummer. Tidfestinga av samtalen er derimot mindre viktig i den forstand at dei nummera han viste til, er dei same songane i alle tre utgåvane av Symra 1863, 1867 og 1875.

At Ivar Aasen komponerte melodiar til nokre av visene sine, har kenge vore sikkert. Tvilen og uvissa har handla om kva melodiar han laga. Første gongen han blei oppført som komponist, var truleg i songboka

⁵⁷ Jakob N. Kobberstad i brev til Lars Søraas 1.2.1909, kopi i kassett I 20, privatarkiv 355, Statsarkivet i Trondheim.

Skolesang. I. frå 1903, redigert av Egil og Nora Kobberstad – barna til Jakob N. Kobberstad.

Den første drøftinga av emnet kom i artikkelen «Tonediktaren Ivar Aasen» med Jakob N. Kobberstad som kjelde i 1919.⁵⁸ Lista over Aasen-melodiar var identisk med Kobberstads vurdering ti år tidlegare. Det musikkfaglege miljøet interesserte seg lite for saka, og først i 1977 kom spørsmålet opp att, formulert av Ragnar Ørstavik: «Var Ivar Aasen tonediktar?»⁵⁹ I Aasen-året 1996 skreiv Terje Aarset artikkelen «Tonediktaren Ivar Aasen».⁶⁰ Lenge var han nær sagt den einaste som studerte emnet, som han drøfta i eit foredrag i Aasen-tunet 2012. Der kom han til at Aasen iallfall hadde komponert fem melodiar.⁶¹ Kobberstad hadde peika på sju. Songbok-redaktørane Lars Søraas d.e. og d.y. bygde mykje på Kobberstad.

Med Aarset var ikkje lenger anekdotar og biografiske kjelder eine-rådande. Det gjaldt å forstå dei musikktradisjonane Aasen arbeidde innanfor. Aarset drøfta dette i si store bok om Symra i 2013. Den tydelegaste konklusjonen hans var at Aasen komponerte halve melodien til «Dei gamle Fjelli». Den andre halvparten var av Johan Christian Bechler frå før 1822. I songbøkene burde det no difor stå «J.C. Bechler / Ivar Aasen».⁶² For andre melodiar som meir eller mindre sikkert er av Aasen, rådde Aarset til å skrive «Norsk folketone etter Ivar Aasen».

Denne musikkfaglege analysen tok Knut Grepstad lenger i 2017 ved å jamføre melodiane. Han viska ut mange spørsmålsteikn, sette to strekar under nokre svar, men stilte også nye spørsmål i den essayistiske studien *Kanskje-komponisten Ivar Aasen*.⁶³

Utgangspunktet hans var at alle melodiar som Aasen er kjelde til, kan ha vore laga av Aasen viss det ikkje kunne påvisast at melodien var nedskriven eller trykt før. Ivar Aasen har heilt sikkert komponert «Sun-

⁵⁸ «Tonediktaren Ivar Aasen», *For Bygd og By* 12.1.1919 og *Gula Tidend* 22.1.1919. Artikkelen var ikkje signert av Kobberstad, men bladet opplyste altså at han var kjelda.

⁵⁹ Ragnar Ørstavik: «Var Ivar Aasen tonediktar?», *Tidsskrift for Sunnmøre historielag* 1977, s. 65–67.

⁶⁰ Terje Aarset: «Tonediktaren Ivar Aasen», *Språknytt* nr. 1 1996, s. 31–34.

⁶¹ Terje Aarset: «Aasen-songane». Ivar Aasen-minneforedraget, Dei nynorske festspela, Ivar Aasen-tunet 29.6.2012, forfattarens notat.

⁶² Terje Aarset: «Aasen-songane», i Ivar Aasen: *Symra. Redigert av Terje Aarset*, Bergen 2013, s. 181 f.

⁶³ Knut Grepstad: *Kanskje-komponisten Ivar Aasen. Gamle rykte og Ny informasjon*, Eige forlag, Bergen 2017.

dagskveld», «Aka paa Isen haale», «No er alt so godt og vel», «Hugen til Rikdom» og «Gamle Grendi».⁶⁴ Fire av dei, berre ikkje «No er alt so godt og vel», er det Grepstad kallar søskennmelodiar fordi dei har ein uvanleg slutt og fleire andre tydelege likskapstrekk. Grepstad kjem til at dei fire melodiane har same opphavsperson, at den same komponisten også har skrive melodien til «No er alt so godt og vel», og at denne opphavspersonen er ein uskulert amatør – «ein muikar hadde ikkje slutta melodiane så likt». ⁶⁵ Komponisten heiter Ivar Aasen, slår Grepstad fast og presiserer at det ikkje ligg noka kvalitetsvurdering i ordet «uskulert».

Det kan også hende at Aasen har komponert melodiane til «Dei vil alltid klaga og kyta» / «Nordmannen», «Dei gamle Fjelli», «Heimvegen» og «Tjon og Von», nokre av dei med lån frå andre melodiar. Aasen høyrdे mange melodiar og hadde godt minne, men felles for desse melodiane er at dei har fleire element frå andre melodiar. Det har Grepstad kome fram til etter at han har studert store mengder notar og songbøker.

Tabell 2
Vurdering av Aasen som komponist til melodiar

		Kobberstad 1909	Søraas 1909-	Aarset 2013	Grepstad 2017
«Du Sundagskveld»	Ervingen		Ja	?	Ja
«Dei vil alltid klaga og kyta»	Ervingen	Ja	Ja	Halve	Halve
«Aka paa Isen haale»	Ervingen			?	Ja
«No er alt so godt og vel»	Ervingen			?	Ja
«Dei gamle Fjelli»	Symra	Ja	Ja	?	?
«Heimvegen»	Symra	Ja		?	?
«Gamle Grendi»	Symra	Ja		Ja	Ja
«Tjon og Von»	Symra	Ja			?
«Hugen til Rikdom»	Symra	Ja			Ja

Ja Sikker
? Mogleg

Summen av dette blir fem sikre og fire moglege eller sannsynlege. Etter grundige undersøkingar som ingen har gjort før, er Grepstad likevel ikkje sikker i si sak når det gjeld melodiane i Ervingen: «Han kan ha laga opp til 6 av dei 9 melodiane i Ervingen, og eit stykke på veg ein sjuande. Kanskje»⁶⁶ Dessutan laga han variantar av eldre melodiar.

⁶⁴ Knut Grepstad, same staden, s. 54 f.

⁶⁵ Knut Grepstad, same staden, s. 30.

⁶⁶ Knut Grepstad, same staden, s. 18.

Skjematisk dannar det seg eit bilet som vist i tabell 2. Grunnlaget for vurderingane er ulikt, og etterhalda i drøftingane er mange (sjå s. 158 ff.).

Det bør i det minste ikkje lenger vere tvil om at Ivar Aasen var tondiktaren til desse fem melodiane:

- 1 Du sundagskveld (*Ervingen*)
- 2 Aka på isen håle (*Ervingen*)
- 3 No er alt so godt og vel (*Ervingen*)
- 4 Hugen til rikdom (*Symra*, blanding av 2 og 3)
- 5 Gamle rendi (*Symra*)

Og det er mogleg at han skreiv fire til:

- 6 Dei vil alltid klaga og kyta (*Ervingen*, halve)
- 7 Dei ganle fjelli (*Symra*)
- 8 Heimvegen (*Symra*)
- 9 Tjon og von (*Symra*)

Inntil fire melodiar i *Ervingen* og fem i *Symra* var av diktaren sjølv. Mykje talar for at «Nordmannen» blei ein folkesong med Aasens eigen melodi, iallfall halve. «Dei vil alltid klaga og kyta» var den melodi-informasjonen Aasen gav i alle tre utgåvene av *Symra*.

Om melodiane har uvissa vore særleg stor fordi Ivar Aasen skjulte spora sine også her. I skriftene sine er han den allvitande forteljaren som ser alt ovanfrå, utanfrå og innanfrå på ein gong, men som ikkje viser sitt sanne eg. Diktar meinte han sjølv at han ikkje var. Som Knut Grepstad skriv: «Og når han ikkje ville gi seg ut for å vere diktar, må det ha vore utenkeleg å gi seg ut for å vere komponist.»⁶⁷

Knut Grepstad har elles funne mange tekstar til «Dei vil alltid klaga og kyta», og tre andre melodiar har fått kvar sine tekstar.⁶⁸ «Aka på isen håle» har fått lite merksemrd i Aasen-litteraturen. Særleg blant folkedansarar og ved folkehøgskular har den vore mykje brukta, og det skal Hulda Garborg ha æra for. Slik kom Aasen på folkemunne også som komponist.

⁶⁷ Knut Grepstad, same staden, s. 10.

⁶⁸ Knut Grepstad i e-post til forfattaren 24.12.2017. Han har også skrive *Meir info til Kanskje-komponisten Ivar Aasen*, [Bergen] august 2017, 8 s.

DET PERSONLEGE FRÅVÆRET i mange Aasen-songar kan ha skapt ein distanse hos eit publikum som alt i utgangspunktet var på avstand. Vinje inviterte dei inn mellom verselinjene, Aasen la ikkje noko imellom. Så skal det nok skrivast at Grieg-melodiane til Vinje-songar forsterka den litte-rære kvaliteten som diktaren hadde skapt. Saman med meir fleirstemte tekstlinjer førte dette til at det finst mange fleire ulike gjendiktingar av Vinje-songar enn av Aasen-songar.

Delar av «Etterstev» i *Symra* er blitt gjendikta til 12 ulike variantar på fleire språk, medan utdrag frå «Fyrestev» og heile «Nordmannen» finst i ni ulike gjendiktingar kvar. Vinje-tekstane var kanskje ei større litterær utfordring for gjendiktarane enn Aasen-tekstane. Likevel er det slik at mange fleire Aasen-songar enn Vinje-songar er gjendikta til andre språk.

Konklusjonen blir ei motsetning til dette. Verka av Ivar Aasen, både songane og prosaen, er prega av ein norsk brukssamanheng. Det var ikkje om å gjere at dei skulle vere tilgjengelege eller funksjonelle for lesarar på andre språk. Det tenkte nok neppe Vinje på, heller, men i endå større grad enn Vinje definerte Aasen kva det norske var.

Det poenget kan understrekast med ein enkel observasjon. Aasen skreiv mykje som skulle brukast i arbeidet med grammatikk og ordbok, men det aller meste av det han publiserte av enkelttekstar, var minnestykke og tradisjonsstoff som han sjølv hadde funne – nett som med språket.

No er det i alle høve lettare å seie noko sikkert om Aasen enn om Vinje. Ein god del trykte tekstar av Vinje har gått tapt, og det finst ingen manuskript til desse. Det meste av det han skreiv, blei truleg publisert, men det er framleis uråd å seie sikkert at ein veit om alt som har gått tapt. Aasen, derimot, skreiv mykje meir enn han publiserte. Arbeidsnotata var ikkje skrivne for publisering, og mange andre manuskript blei liggande fordi han ikkje ønskte å publisere dei. «Om vort Skriftspråk» frå 1836 og «Birag til vort Folkespråks Historie» frå 1885 er og blir to av få viktige Aasen-tekstar som er blitt publiserte posthumt. Ingen skjønnlitterære meisterverk har dukka opp etter 23. september 1896.

Sikkert er det ikkje, men sannsynleg er det at ingen litterære Aasen-manuskript har gått tapt. Dødsbuet etter Ivar Aasen blei ordna på eksemplarisk vis. Om dødsbuet etter A.O. Vinje har ingen skrive eller dokumentert noko som helst.

GJEST TIL BORDS: I vaksen alder laga truleg Ivar Aasen aldri mat sjølv, og mat er truleg det emnet frå kvardagslivet han skriv mest om.⁶⁹ 20 år gammal drog han ut på Herøy på Sunnmøre som privatstudent, derifrå til Solnør som privatlærar, frå hausten 1842 var han stort sett samanhengande på reise i fleire år, og i 1847 busette han seg i Kristiania. Der flytta han fleire gonger, men i det vesle som finst av dagboknotat om mat, og frå brev frå andre, er det tydeleg at han fekk maten servert. Han var leigebuar heile sitt vaksne forskar- og diktarliv, og det ser ut til at han heile tida leigde med kost og losji.

Til dette kjem at han mellom 1842 og 1868 alt i alt var på reise i $7 \frac{1}{2}$ år. Då budde han hos folk over heile landet, som regel hos prestar, lensmenn, meir velståande bønder m.m. Dagane var travle, men det er nok grunn til å tru at han fekk bra servering for si tid på desse reisene. Det gjekk gjetord om han, og respekten var stor, så dei behandla han som ein viktig gjest. At han ikkje ville ha noko særskilt, er ei anna side av same saka.

I Kristiania budde han billig og åt det som var *vanleg husmannskost*, må vi rekne med. Han fekk servert eit varmt måltid i 14-tida, og på kveldstid var han ofte på byen, men åt nok sjeldan på restaurant eller ute elles, nøysam som han var. Anders Hovden, som ikkje er altfor påliteleg kjelde, nemner *potetball* som noko Aasen skal ha likt. Det er dokumentert at han åt dette hos nokre sunnmøringer han var ein del saman med, og sikkert meir enn ein gong. Om potetball blei laga slik den gongen som no, er elles verdt å undersøkje.

Då Aasen-året 1996 opna på Café Engebret i Oslo (av di arrangøren trudde dette var ein viktig stad i hans liv), var *sildekaker* serveringa. Nokon meinte å vite at det var tradisjonell kost den gongen. Maten var god, men journalistane var forskrekka og spurde håpefullt om det kom noko anna etterpå. Det gjorde det ikkje.

Aasen reiste både langs kysten og ofte i innlandet, og menyen har nok variert frå fisk til innmat. Ingen har enno lese gjennom ordbøkene hans med mat for auga. Der vil ein nok finne presise definisjonar av mangt som byggjer på eigne røynsler. Han tykte slett ikkje alltid at det han fekk

⁶⁹ Framstillinga er henta frå eit notat til Det norske 5.12.2014. Eg valde bort dette emnet i biografien min, men i eit foredrag sommaren 2009 kom eg inn på drikkevanane hans. Det er referert ovanfor.

servert, var noko å skryte av. Sommaren 1844 var han i Valle i Setesdal og noterte seg «tør og suur Kost». Om han ikkje var nokon gourmand, hadde han altså ei klar meinings om kva som var bra og ikkje bra.

Der er eit viktig sosialhistorisk spor i songen «Gagnløysa» frå 1851. I denne bakvendtland-visa skriv han: «Om du slaktar kalven, så tenk at det er svin». Det vil seie at svin var dyr og fin mat den gongen, kalv det motsette. I dag er dette omsnudd.

Når han var på byen, som han altså ofte var, drakk han mest truleg øl og kaffi. Vi veit at han ofte var på Klingenberg, der det iallfall var nokre serveringsstader, på ein kafé i det som ein gong heitte Morgenblad-gården i Oslo, men vi veit også at ein journalist leita etter han i fleire dagar då han skulle få ein tenar til å portrettere han. Det vil seie at Aasen iallfall i 1880-åra ikkje hadde nokon stambule. Erling Lægreid hevda med kraft at Aasen var fast inventar på Café Engebret, men det finst det ingen belegg for – namnet er ikkje nemnt ein einaste gong av Aasen.

Ein profilert journalist i Dagbladet hadde ein god del kontakt med Ivar Aasen dei siste leveåra og laga tre intervju med han. Peter Rosenvrantz Johnsen tykte Aasen fekk servert skral kost, mellom anna blodklubb i smelta smør. All den tid denne journalisten mellom anna førebudde kunstnarball på Blom, kan det vel hende at hans eigne fordomar slo inn her.

Fram til Aasen var ferdig med *Norsk Ordbog* i 1873, arbeidde han stort sett jamt og hardt i tre tiår. Effektiviteten hans er knapt til å fatte. Han kunne gå frå eit avslutta arbeid eine dagen til noko nytt neste dag. Produktiviteten var så enorm at eit liv i måtehald nok var heilt nødvendig. Men ikkje heile tida.

Til tider gjekk det med ein del akevitt. Her må ein hugse på at sprit blei rekna som medisin av mange den gongen. Aasen var hypokonder nok til å tenkje sameleis. Frå eit foredrag i 2009:⁷⁰

«Ikkje berre røykte Ivar Aasen tett. Ofte tok han også ein dram. I 1853 var det mykje kolera i Christiania, og Ivar Aasen hangla kraftig. I august oppsøkte han legen sin, Joachim A. Voss. Han gav pasienten ymse

⁷⁰ Ottar Grepstad: «Dette er Ivar Aasen. I år: Kvardagane», foredrag under Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet 27.6.2009.

miksturar, opium medrekna.⁷¹ Anders Hovden meiner å vite at pasienten også fekk det rådet å ta ein dram akevitt kvar morgen på fastande hjarte.⁷²

Kan så vere, men i dagboka noterer ikkje Aasen noko kjøp av akevitt før tolv år seinare.⁷³ Han kjøper fire flasker i 1865, og held seg rundt det nivået i åra som følgjer. Jamleg klagar han over ‘Svag i Hovedet’ eller andre plager i samband med desse innkjøpa. Mellom 1870 og 1893 nemner han *Aqv.* berre dei tre gongene han kjøper i 1886. Sommaren 1894 går det over styr. Frå juni til desember kjøper han akevitt nær sagt kvar veke, 17 flasker noterer han, ofte kjøpte av sambygdingen og studenten Jon Fagerhol. Til medisinsk bruk? Fötene verkar iallfall. Dei to siste leveåra er dagboka for fragmentarisk til å stole på. Fagerhol sjølv har fortalt levande frå samværa med Aasen, men akevitten gløymde han å nemne.»

Jon Fagerhol var svirebror, men også støttekontakt og hjelpar. Som takk for hjelpa frå Fagerhol skreiv Ivar Aasen i 1894 eit notat om at viss han fall frå før Fagerhol var ferdig med studia sine, skulle han få det universitetet meinte var nødvendig frå Aasens konto i Volden og Ørsten Sparebank for å fullføre.⁷⁴

Det låg att litt tobakk etter han då Ivar Aasen døydde. Under den tyske okkupasjonen var steinhuset under bygging i Ivar Aasen-tunet. Då var nok tilsynet med gjenstandane etter Ivar Aasen så som så. Iallfall fortalte Arthur Klæbo seinare til Erling Lægreid at han hadde nytta høvet ein dag han var i tunet. På den tida var det krisetobakk som gjaldt, og Klæbo var sugen på ekte vare. Brått gjorde han det: Klæbo bytte ut den tobakken som låg att etter Ivar Aasen med den krisetobakken han bar på.⁷⁵

Sanningsvitne finst ikkje. Klæbo kunne vere ein storskrørnar når det passa han, men han var også typen til å gjere noko slikt, og etterpå lage ei god historie ut av det.

Den hustoria fekk eit framhald. Ein dag i slutten av 1950-åra oppdaga dei to unge omvisarane Steinar Aasen og Hallvard (Halle) Hovde at det låg tobakk i ein av tobakkspungane til Ivar Aasen. Då ei busslast med

⁷¹ Ivar Aasen i dagboka juli og august 1853.

⁷² Anders Hovden, *Ivar Aasen i kvardagslaget*, Oslo 1944, s. 23.

⁷³ Ivar Aasen i dagboka 26.1.1865.

⁷⁴ Ivar Aasen i notat 27.3.1894, Sivert Aarflot-arkivet, kassett 41, Ivar Aasen-tunet.

⁷⁵ Erling Lægreid til forfattaren kring 2000. Skriftfesta av Lægreid i «Arthur Klæbo, tobakks-tjuven», *Dag og Tid* 9.4.2010 med opptrykk i *Nærgående skisser*, Oslo 2011, s. 56–58.

skuleungar hadde reist att, gjekk gutane i tiårsalderen til aksjon. Det er tjuven sjølv som fortel:⁷⁶

«Steinar henta straks to stk. appelsinpapir type Jaffa, og to klyper tobakk frå tobakkspungen til Ivar Aasen vart kverrsett. Museumet var låst, og Steinar og Halle sette Høgetua som mål der tobakken skulle prøvast.

Appelsuinapiret vart tvinna omhyggeleg rund den knusktørre tobakken, og fyrstikker henta fram. Med det same elden nådde tobakken vart det full fyr. Tobakken brann som svartkrut og rauk som brennande bildekk. Etter tre til fire skikkelege magedrag, deiste begge gutane i bakken mellom blåbærlyng og einerøde med dobbelt syn.»

Det står att å finne ut kva tobakk dei røykte. Originalvare etter Aasen, den sterke Petum optimum? Eller krisetobakk etter Arthur Klæbo?

LESARANE HANS VAR FÅ. På papiret var det få som las det Ivar Aasen skreiv medan han levde. Oppлага var små, biblioteka få. Fleire av dei viktigaste bøkene hans, som grammatikkane og ordbøkene, kom gjerne ut i opplag på 500 eksemplar. Det gjaldt til dømes *Norske Ordsprog* (1856), og Reidar Djupedal rekna seg til at 262 eksemplar var att då Aasen døydde.⁷⁷ Songlyrikksamlinga *Symra* kom i tre utgåver, syngjespelet *Ervingen* i seks. Flest lesarar fekk han med *Ervingen*, truleg prenta i om lag 4500 eksemplar frå og med premieren i 1855 til og med 1896.

Mange las også småskriftet *Fem viser i søndre Søndmørs Almuesprog*, utgitt på Ekset i 1843. Dette var prenta i 2000 eksemplar.⁷⁸ Skriften var i sal i februar, men alt to månader seinare tykte utgivaren Mauritz Aarflot at salet gjekk tregt. Han meinte grunnen var at «de rette liebabere har lagt ved Havet paa Vaartorskefiskerie».⁷⁹

Kanskje kan det samla opplaget av skriftene til Ivar Aasen summetrast til 15 000 eksemplar i hans levetid. Det er mindre enn Bjørn-stjerne Bjørnson oppnådde for berre ei av sine mange skrifter. Pamfletten *Engifte og manggifte* kom ut i serien *Bibliothek for de tusen hjem* i 1888. Med det 10.

⁷⁶ Hallvard Hovde: «Då han Steinar og han Halle stal tobakk frå Ivar Aasen», i Roar Rønning ofl. (red.): *Hovdebygdingar – i samhald og virke*, Hovdebygda soge- og velferdsdag, [Ørsta] 2005, s. 187 f.

⁷⁷ Notat av Reidar Djupedal, kassett I 21, privatarkiv 355, Statsarkivet i Trondheim.

⁷⁸ Jostein Fet: *Eksetiana. Aarflots Prenteverk 1800–1935*, Oslo 2006, s. 147.

⁷⁹ Brev til Ivar Aasen 5.4.1843, sitert i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 423.

og siste opplaget i 1894 var boka trykt i 21 000 eksemplar.⁸⁰ Knapt nokon les den pamfletten frivillig i dag. I det 21. hundreåret er det i det heile få som les Bjørnson fordi dei har lyst.

Noka samling av utvalde skrifter kom ikkje medan Aasen levde, men den kom før han var jordfesta. Den unge presten Halfdan Møller hadde spurt om dette då han vitja Aasen i 1895. «Det vilde han ikkje høyra stort um», skreiv Møller etterpå, «det var ikkje mykje av det, som var gagn i, meinte han.⁸¹

Då Aasen døydde 23. september 1896, hadde Vetle Vislie arbeidd med med ei slik utgiving i fleire månader. Jordferdsdagen seks dagar seinare annonserte P.T. Mallings Boghandels Forlag at dei tre første av i alt åtte hefte av *Udvalgte Skrifter* no var i sal.⁸²

Nokre veker seinare melde redaktør Johannes Barstad i Stille Stunder at *Udvalgte Skrifter* låg føre komplett – «eit gledeleg Bod for alle Maalfolk».⁸³ Nye utgåver med ulike utval av tekstar kom i 1899, 1911–12, 1926, 1946 og 1976.⁸⁴

Iallfall i ettertid er det lett å sjå at nynorskforfattarane gjekk inn i skrifta under heilt andre føresetnader enn bokmålsforfattarane. Dei tenkte og dikta på eit språk utan annan skrifttradisjon enn dei sjølve var med og forma, medan bokmålsforfattarane dikta vidare på den etablerte, danske tradisjonen.

Det intellektuelle og kulturelle hegemoniet låg i det danske, slik Aasen forklarte i si korte språkhistorie i 1885. At der var ein nasjonalromantikk, var noko som blei forstått av desse dansk-skrivarane. Dei som skreiv på nynorsk fram mot 1900-talet, definerte seg ikkje inn i denne samanhengen, og hadde heller ikkje noka økonomisk eller sosial og dermed hegemonisk makt til å kunne gjere det. I staden forma ein forfattar

⁸⁰ Ottar Grepstad: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*, Oslo 1997, s. 363.

⁸¹ Halfdan Møller: «Ei vitjing hjaa gamle Ivar Aasen», *Stille Stunder* 3.10.1896 og *Den 17de Mai* 15.10.1896, aasentunet.no, lesedato 3.6.2012. Ivar Aasen nemner ikkje gjesten i dagboka si.

⁸² *Den 17de Mai* 29.9.1896. Eit stykke i *Ugebladet* 16.5.1896 syner at Vislie då arbeidde med «en skjønsomt valgt Samling af hans bedste Arbeider. ... Det er smukt udstyret og ledsages af to Billeder af Aasen; det ene efter Fotografi, det andet efter Frøken Finnes Buste, og Billede af hans Fødested i Ørsten paa Søndmøre» (sitert etter Jostein Fet: *Eksetiania*, Oslo 2006, s. 308).

⁸³ *Stille Stunder* 14.11.1896. I november–desember 1896 annonserte ikkje forlaget dette verket i det heile.

⁸⁴ Trebandsutgåva 1911–12 blei utgitt uendra, men i eitt band i 1996 med etterord av Kjell Venås.

som Arne Garborg ei lære om to kulturar, to nasjonar. Den forståinga blei praktisert av det veksande nynorskmiljøet gjennom utskiljing, men den same forståinga blei avvist av Hegemoniet in persona, Bjørnstjerne Bjørnson.

Den nynorske litteraturen representerte ein opposisjonell litterær praksis alt ved det å skrive eit anna språk. Forfattarane uttrykte ein kulturell opposisjon, ikkje nasjonalromantikk. Enno hadde dei ingen posisjon, ingen nasjon, å dyrke eller romantisere. Ivar Aasen skreiv meir om grunnlov enn om nasjon og ville endre den nasjonen som fanst.

JUBILEA SKAPTE ELLER UTVIDA den marknaden som alt fanst for bøker og skrifter av Aasen og Vinje. Utgivarane drog nytte av den aktualiseringa som jubilea representerte, og mange forfattarar nyttet høvet til å publisere nye studiar om liv og verk. Samleverk og tekstuval gjorde skriftene deira tilgjengelege over lengre tid. Derimot har det korkje for Aasen eller Vinje vore laga noka edisjonsfilologisk og tekstkritisk utgåve av det dei publiserte med alt det inventar som då høyrer med. Der er eitt unntak: *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*, redigert av Jon Haarberg og Nina Evensen, utgitt som e-bok 2018.

Så godt som kvart år etter 1870 kom det ut minst ei bok med tekstar av Aasen eller Vinje.⁸⁵ Bokformatet har prega Vinje-skriftene mindre enn Aasens. *Udvalgte Skrifter* av Ivar Aasen blei annonsera alt før han var jordfesta hausten 1896. Den første utgåva *Skrifter i Utval* av Vinje kom ut på sida av alle runde år i tida 1882–1890. Nye verkutgåver kom dei 100-årsjubilea i 1913 og 1918, men andre og seinare utgivingar var utan slike aktualiseringar.

I den første verkutgåva i 1880-åra blei Vinje berre presentert med testar på nynorsk. Nesten halve tida hans som forfattar var redigert ut. Noko av det same skjedde med Aasen. Nær 150 av dei om lag 360 publiserte dikta og stykka hans har aldri vore med i noka verkutgåve.⁸⁶ I alle desse utgåvene av skrifter i utval er også lite teke med av det han dikta på

⁸⁵ Slike Vinje-bøker kom ut i 71 av dei 99 åra, jf. Ottar Grepstad: *Vinje-bibliografien*, Ørsta 2017. 18 av åra kom det ut bøker av begge.

⁸⁶ I tillegg kjem avgrensa antologiar, som Reidar Djupedal (red.): *Symra og andre dikt* (1963), Magne Myhren (red.): *Millom bakkar og berg* (1980) og Olav Hr. Rue (red.): *Ivar Aasens beste* (1991).

dansk. Ivar Aasen er gjord norskare enn han var i si eiga skrift, nett som Vinje blei i den første verkutgåva 1882–1890.

Dermed må det på ny takast ein sving utom kvardagen og inn i nasjonalromantikken.

Utover på 1900-talet blei mediedekninga av nynorske jubileum i au-kande grad ei sak for nynorske blad og aviser, i tillegg til NRK. Gjennom bokutgivingane kryssa jubilea språkgrensa i den forstand at nynorskfor-laga spelte ei underordna rolle. Samlaget hadde overteke sikra seg forlags-rettane til Vinjes skrifter, men dei store utgåvene med skrifter i utval 1916-21 og 1942-48 kom ut på Cappelen. Aasen hadde i stor grad vore ein eigen forleggar, og der var der Norli og Gyldendal som stod for dei viktige ver-kutgåvane.

Tabell 4
Verkutgåver og større antologiar

1883-90	Vinje: Skrifter i Utval, 1-6	Halfdan Halvorsen
1896	Aasen: Udvalgte Skrifter	Vetle Vislie
1899	Aasen: Udvalgte Skrifter. Folkeudgave	
1903	Vinje: Dikt og prosaskrifter	Halvdan Koht
1910	Vinje: Lyriske dikt	Idar Handagard
1911-12	Aasen: Skrifter i Samling, 1-3	Knut Liestøl
1916-21	Vinje: Skrifter i Samling, I-V	Olav Midttun
1926	Aasen: Skrifter, I-II	Knut Liestøl
1929	Aasen og Vinje: Skrifter i utval	
1941	Aasen, Vinje og Garborg: Dikt i utval	
1942-48	Vinje: Skrifter i Samling, I-V	Olav Midttun
1946	Aasen: Dikting	
1957-60	Aasen: Brev og Dagbøker, I-III	Reidar Djupedal
1959-	Aasen: Symra og andre dikt	Reidar Djupedal
1960-	Vinje: Dikt	Reidar Djupedal
1967	Vinje: Fjøllstaven min	Olav Midttun
1969	Vinje: Brev	Olav Midttun
1975	Vinje: Dikt i utval	Olav Vesaas
1976	Aasen: Skrifter	Olav Hr. Rue
1980	Aasen: Millom bakkar og berg	Magne Myhren
1991-	Aasen: Ivar Aasens beste	Olav Hr. Rue
1991-	Vinje: A.O. Vinjes beste	Halldis Moren Vesaas
1993	Vinje: Skrifter i Samling, I-V	Olav Midttun
1993	Vinje: Skrifter i Samling, VI	Jon Haarberg
1996	Aasen: Skrifter i samling	Knut Liestøl/Kjell Venås
2002	Aasen: Ordtak i utval	[Sverre Tusvik]
2018	Vinje: A.O Vinjes beste, ny utgåve	Aasmund Nordstoga

Det eine verket avløyste det andre. Aasen og Vinje heng historisk så tett saman at tyngda i desse utgivingane og den lesinga dei representerte, bør samlast for å kunne forstå heilskapen.

Mellom 1882 og 2002 blei det gitt ut 33 ulike utgåver med utvalde skrifter og antologiar, utan alle lesebøkene med tekstar av mange forfattarar. Dei 33 utgåvene inneheldt til saman 58 band, og typisk for desse utgivingane var at kvart band kom for seg. Berre i 1993 (Vinje) og 1996 (Aasen) kom ei komplett fleirbands-utgåve ut under eitt. Annakvart år i over hundre år kom det dermed ut eit band med skrifter av Aasen og/eller Vinje. Dette har nok vore viktig for at forfattarskapane blei verande levande og tilgjengelege.

Jubilea skapte eller utvida den marknaden som alt fanst for bøker og skrifter av Aasen og Vinje. Utgivarane drog nytte av den aktualiseringa som jubilea representerte, og mange forfattarar nytta høvet til å publisere nye studiar om liv og verk. Mellom 1883 og 1968 kom det ut i alt 16 samlewerk og tekstuval av dei to.⁸⁷ Det gjorde skriftene deira tilgjengelege over lengre tid. Derimot har det korkje for Aasen eller Vinje vore laga nok edisjonsfilologisk tekstkritisk utgåve av det dei publiserte.

HAN BLEI NOK MEIR HØYRD ENN LESEN. Etter premieren i Christiania våren 1855 blei skodespelet *Ervingen* raskt ein teatersuksess. Det var jamvel eit lesestykke. Aasen-venen Johannes Belsheim drog tilbake til Vang i Valdres frå Asker seminar hausten 1855. Der las han på nokre få veker stykket for bygdefolk «neppe langt frå 100 Gange».⁸⁸

Kvar og kor mykje *Ervingen* er blitt spelt, har ingen undersøkt systematisk, men Johs. A. Dale har somt å fortelje.⁸⁹ I 1858 blei det oppført i Bergen for første gong, det blei spelt under kongekroninga i Trondheim i 1860, og Christiania Theater spelte det for første gong 17. mai 1860. Berre fram til 1862 var stykket sett opp 12 gonger på Kristiania Norske Theater. Med Henrik Ibsen som artistisk direktør vitja teateret Halden i juni 1861 med stykket. Ibsen var truleg sjølv ikkje med dit.⁹⁰ Stykket blei spelt i

⁸⁷ Ottar Grepstad: *Aasen-bibliografien. Skrifter av og om Ivar Aasen*, Ørsta 2018.

⁸⁸ Johannes Belsheim: *Ivar Aasen*, Kistiania 1901, s. 37.

⁸⁹ Johs. A. Dale: *Nynorsk dramatikk i hundre år*, Oslo 1964, s. 23 f.

⁹⁰ Vidar Parmer: *Teater på Fredrikshald. Teater, pantomime, linedans, ekvilibristikk, menasjeri, vokskabinett, kosmorama etc. på Fredrikshald*, Halden 1965, s. 214. Takk til Per Magnus F. Sandmark for tipset.

Trondheim i 1862 og utløyste det som kanskje var den første språkdebatten i byen. Den første songboka med Aasen-songar, var *Sangbog for Trondhjems Turnforening*. Songane var frå Ervingen, og boka kom ut nettopp i 1862.⁹¹

Den 17. mai 1879 var ei storhending i forfattarskapen til Ivar Aasen. Den dagen blei stykket spelt på Bergens Theater.⁹² Det blei spelt ein stad til på denne nasjonaldagen, i Paris. Truleg var det første gongen at eit verk av Aasen blei oppført utanlands, og dei som stod bak, var den såkalla norske kolonien i byen. Det einaste arkivsporet er ei helsing frå skodespelarane i eit brev signert Frederik Bætzmann.⁹³ Han hadde også fortalt om framsyninga til Dagbladet, der han nemnde at ambassadør Georg Sibbern var blant gjestene. Derifrå fanga Fedraheimen opp historia.⁹⁴

Under Den norske Marknaden i Oslo i 1898 stod stykket på repertoaret, og det skal ha vore det første stykket i Bondeungdomslaget i Oslo i 1901. Hulda Garborg øvde det inn i Det norske Spellaget kring 1910, og Det Norske Teatret opna med dette stykket i 1913. I tillegg til slike og andre profesjonelle scener sette mange ungdomslag opp Ervingen, og i 1942 sende NRK stykket i Radioteatret.

Og han blei sungen. På få år gjekk songane frå boktrykk til folkefest. Dei var skrivne i bunden form, var formsikre og kunne lett syngjast. Dette gjaldt så vel songane i Ervingen som andre frittståande songar. Om kvelden på nasjonaldagen i 1867 var det feiring på vanleg vis i Det norske Studentersamfund i Christiania, med eit uvanleg innslag. 150 var til stades, mellom dei Bjørnstjerne Bjørnson, Marcus Jacob Monrad og A.O. Vinje, Dei høyrde ein nyvald styremedlem i Samlaget, Carl Johan Nielsen, tale for Ivar Aasen, som ikkje var der. Og «Nordmannen» blei sungen, men i referatet står det ikkje kven diktaren var; det var nok kjent frå før.⁹⁵ Til festen låg det føre eit småtrykk med ein ny variant av songen med seks strofer. Dette kan vere den første dokumenterte framføringa av «Nordmannen» som allsong, men songen var enno ikkje slik som diktaren ville den skulle vere.

⁹¹ Terje Aarset i e-post 23.5.2013.

⁹² «Paa Bergens Theater», *Fedraheimen* 21.6.1879.

⁹³ Brevs. 174, uregistrerte brev, brev frå Frederik Bætzmann.

⁹⁴ Notis i *Fedraheimen* 28.5.1879.

⁹⁵ «Bjørgvin paa 24de Mai», *Ferdamannen* 24.5.1867.

Songane hans var i ferd med å hamne på sjølvstyr inn i songbøkene. Der kunne alt skje av forenklingar og forvanskingar, men det gjorde i allfall at dei blei brukte av mange, og det var det som gjaldt for diktaren.

AASEN BLEI EIN NEDSKRIVAR for dei mange. Han lyttta, observerte, hugsa, noterte. Dermed skriftfesta han det munnlege, for så vidt slik ein journalist ofte gjer det, sytte for at det kunne hugsast i framtida.

Om det han skreiv ned, meinte Aasen lite. Det han meinte, viste han ved at han gav det munnlege stoffet ei så god litterær form som råd var.

Vinje plukka også opp eit og hitt, men han skreiv det meir inn i si eiga form, flytta det nærmare eg-et i skrifta si. Han kunne vere ein med-diktar, men var ingen nedskrivar. Mannen frå Vinje skreiv mykje om minnekultur, mannen frå Sunnmøre skriftfesta minne.

Ivar Aasen plukka språket frå kvarandre i ordbøker og grammattikkar, og sette det saman att på nye måtar i dikt og prosa.⁹⁶ Det han skreiv, var dels individuelle tekstar, dels kollektive.

Det første han fekk trykt, var to skillingsviser – ei om «den sørgelige Tildragelse» då tre born omkom i brann på garden Krøvel i Ørsta 7. juni 1833, og «En Trøstesang for anfægtet og bedrøvet Sjel» i 1833 – «forfattet og i Trykken bekostet af Iver Andreas Iversen Aasen».⁹⁷

Den siste av eigne tekstar han kunne sjå på prent, var truleg omsettjinga av bibelforteljinga om den bortkomne sonen i Luk 15. Denne blei første gongen publisert i 1869, og 25. august 1896 prenta Den 17de Mai teksten på ny.⁹⁸ Ein månad seinare var han borte.

Han festa det munnlege til papiret og æva etter skriftlege føredøme. Dei fleste kjeldene hans var munnlege. Side opp og side ned siterer han folk han har snakka med, men i beste fall blir dei identifiserte med eit stadnamn. Ordbøkene og grammatikkane er sitatsamlingar på ordnivå i alfabetisk orden. Det er også ordtaksamlingane, berre ordna tematisk.

Ivar Aasen skriftfesta ein fleire hundre år lang munnleg språktradisjon. Han skreiv ned eit språk i alle sine detaljar. På den måten markerer

⁹⁶ Ideen til den setninga kom under eit foredrag av Ivar Roger Hansen på Petter Dass-museet 22.3.2012.

⁹⁷ Jf. Jostein Fet: *Eksetiana. Aarflots Prenteverk 1809 – 1935*, Oslo 2006, s. 112.

⁹⁸ *Ervingen* blei utgitt i 6. utgåva i 1896 i eit opplag på heile 2000. Det store opplaget kunne tyde på at boka kom etter at Aasen var død, men ei avis som Den 17de Mai hadde annonsar for boka også før han døydde.

han overgangen frå munnleg tale til skriftkultur. Det har mange gjort etter hans tid. Få hadde gjort det før.

«Ja, vi elsker dette landet», skreiv Bjørnson. «Han såg ut på det bårute havet», skreiv Aasen. «No ser eg etter slike fjell og dalar», svara Vinje. «Um store Menn dei falla fraa», sukka han. «Dei vil alltid klaga og kyta», la Aasen til i festleg lag. Her er den viktige litterære skilnaden mellom Aasen og Vinje. Dei såg verda frå ulike stader og dikta frå ulike synsvinklar. Hos Aasen gjekk det mest i *han* og *dei*, hos Vinje var det mest *eg* og *du* og *han*. Det var den eine mot dei mange, og første person eintal mot tredje person fleirtal. Den eine var tett på, den andre heldt avstand. Formelt skapte det ein avstand i tekstane hans, men likevel ein nærleik ved at dei blei oppfatta som gyldige. Aasen var ein ordførar for eit kollektiv.

Tabell 5
Pronomen i song- og skriftlyrikk av Aasen og Vinje
Absolutte tal

	Aasen	Vinje
eg	283	910
jeg	14	0
du	275	739
han	316	1076
ho	49	261
hun	2	0
me	112	164
vi	17	261
dei/deim	361	444

Den enkle teljinga i tabell 5 viser denne klare tendensen når ein tek omsyn til at Vinje skreiv mange fleire dikt enn Assen.⁹⁹ Det som pregar lyrikken til Aasen, viser også att i prosaen hans, men der er *eg* og *han* og *dei* om lag like viktige. Også Vinjes prosa er som lyrikken hans. Som ferds-skriver i *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* brukte Vinje *eg* 1499 gonger, *me* 304 gonger.¹⁰⁰

⁹⁹ Digitale søk i Ivar Aasen: *Skrifter i Samling*, I–III, Oslo 1911–1913 og A.O. Vinje: *Skrifter i Utval*, 5, Kristiania 1886. Søket skil ikkje mellom forteljarinstans og annan bruk av pronomena. For Vinje er berre dikt på nynorsk med i det aktuelle bandet. Omsette dikt er ikkje rekna med.

¹⁰⁰ Reidar Djupedal: «Innleiing», A.O. Vinje: *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, Bergen 1969, s. V f.

Vinje skreiv ein god del om kvinner, Aasen svært lite, og difor brukte Vinje oftare ho enn Aasen gjorde, sjølv om *ho* viser til meir enn kvinner på nynorsk. Det heile blir forsterka av setningsbygninga. Aasen opna gjerne verselinjene med *han* og *dei*, medan Vinje skreiv *eg* lenger inn i linjene. Det gjer ofte Aasen-songane meir insisterande, Vinje-dikta meir innsirklande.

Aasen var mest ein tilskodar, Vinje var også ein deltagar. Å reise år etter år, møte folk dag etter dag, lytte og lytte der og då, må ha gjort noko med han. Det aller viktigaste på dei mange reisene var å lytte etter alle romma i språket, ikkje berre holromma. Det inviterte ikkje til å skrive i eg-form. Aasen skreiv andre inn i tekstane sine og seg sjølv ut i margen. Slik blei han ein allvitande forteljar i tredje person eintal og eit menneske i tredje person fleirtal.

Det var der han plasserte seg sjølv mellom pronomena i sin eigen grammatikk.

EI UNDRING ER DER FRAMLEIS etter desse linjene.

Dette mennesket i tredje person fleirtal skreiv sine tekstar og gav ut sine skrifter. I Aasen-tunet ligg Arne Garborgs utslitne brukseksemplar av *Norsk Ordbog* frå 1873. Der er eksemplar av nesten alle førsteutgåvene av dei bøkene Aasen gav ut, men fram til 2000 mangla førsteutgåva av *Symra* frå 1863.

Noko manglar likevel. Ivar Aasens eigne eksemplar av hans eigne skrifter er lite brukte. Mang ein gong må han ha slått opp i grammatikken og ordboka. Dei bruksbøkene finst ingen stad.

Ivar Aasen fann eit språk, skreiv det i bruk, brukte sine eigne bøker. Ein eller annan gong før han gjekk ut or tida, blei dei viktigaste bruksbøkene hans borte. Skrifta var gått i eitt med språket.

Utgivingar 1833–1896

Ny Vise.

om

den sorgelige Tildragelse paa Gaarden
Kroksle i Ørsten, da nogle af dens Huse ble-
ve fortærede af en heftig Ildebrand den 7de
Juni 1833, hvorved 3de Born
mistede Livet.

Tilligemed:

En Trøstesang
for en anfægtet og bedrøvet Sjel.

Forsattet og i Trykken bekostet
af
Iver Andreas Iversen Alsen.

Egseth, 1833.
Trykt i N. Marflors Bogtrykkerie.

Bøker – originalverk og omsetjingar

1. *Fem Viser i søndre Søndmørs Almuesprog* af Iver Aasen. Trykt og forlagt af Mauritz Aarflot. Priis: 6 Skilling. Egsæt 1843. 16 s. Prøvetrykk desember 1842 i 100 eks. Vanleg opplag utgitt 3.2.1843 i 2000 eks. Innbinding: I eitt eksemplar som er sett, kan ein kanskje sjå restar av eit blågrått omslag. I eit anna eksemplar er det blankt omslag (brunt). To av visene blei utgitt i småskriftet *Tvo Visor*, sjå nr. 34, og *Fem Viser ...* blei trykt i nytt opplag i 1900, sjå nr. 1080.

2. *Det norske Folkesprogs Grammatik* af Ivar Aasen. Udgivet paa det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Bekostning. Trykt hos Werner & Comp, Kristiania 1848. XVI+240 s. 500 eks. Trykt i to papirkvalitetar – a) vanleg papir, og b) betre papir. Innbindinga er truleg i to variantar av forlagsbandet – a) kartonasje, og b) raudt heil-skinnband med forlagsbandets alle karakteristika. Aasen fekk 25 eksemplaer tilsendt til Trondheim 7.4.1848.

3. *Ordbog over det norske Folkesprog* af Ivar Aasen. Udgivet efter det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Foranstaltning og paa dets Bekostning. Trykt hos Carl C. Werner & Comp, Kristiania 1850. XVI + 640 s.. 500 eks. Om lag 20 000 oppslagsord. Innbinding: omslag, typografisk.

4. *Søndmørsk Grammatik eller Kortfattet Underretning om Bygdemalet paa Søndmør* af Ivar Aasen. Trykt hos Mauritz A. Aarflot. Egsæt 1851. 47 s. 10 skilling. 400 eks. Innbinding: omslag, blankt.

5. *Prøver af Landsmaalet i Norge* af I. Aasen. Trykt hos Carl C. Werner & Comp, Christiania 1853. 126 s. 500 eks. Innbinding: blågrønt kartonasjeband. Annonsert til sals 21.8.1853.

6. *En liden Læsebog i Gammel Norsk* af I. Aasen. Trykt hos Chr. Grøndahl, Christiania 1854. 46 s. 500 eks. Innbinding: omslag, blankt, grønt, brunt og lysegrått.

7. [-] *Ervlingen*. Sangspil i een Akt. Trykt paa det norske Theaters Forlag hos Carl C. Werner & Comp, Kristiania 1855. Med notebilag og melodiinformasjon over alle songane. 24 s. Innbinding: kombinert omslag og tittelblad. *Skrifter i Samling*, II, 1912, s. 20–65; *Skrifter*, 1976, s. 147–187.

8. *Norske Ordsprog samlede og ordnede* af I. Aasen. Trykt hos C. Werner & Comp, Christiania 1856. XXIV + 263 s. Innbinding: grønt kartonasjebind. Om lag 4000 ordtak.

9. *Om Dannelsen og Norskheten*. (Af I. Aasen). [Kristiania] 1857. Særtrykk av *Folkevennen* 1857, s. 419–460, sjå nr. 97. Innbinding: omslag (rest av blått papir) i det eksemplaret som er sett.

10. *Fridtjofs Saga*. I Omskrift i det nyere Landsmaal ved Ivar Aasen. Udgivet af Selskabet for Folkeoplysningens Fremme. Tredie Tillægshefte af «Folkevennen», syvende Aargang 1858. Trykt i P.T. Mallings Bogtrykkeri Kristiania 1858. 44 s. Innbinding: omslag, typografisk (blått). *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 411–451; *Skrifter i Samling*, III, 1912, s. 329–367; *Skrifter*, II, 1926, s. 263–303.

11. *Norske Plantenavne* af I. Aasen. Christiania 1860. (Særskilt aftrykt af Budstikken No. 1, 1860.) 32 s. Innbinding: omslag, blankt (blått). Sjå nr. 110.

12. [-] *Symra*. Two Tylfter med nya Visor. Pris: 8 Skilling. P.T. Mallings Forlagsboghandel, Kristiania 1863. 47 s. Innlimt lapp i heile eller delar av opplaget om trykfeil i «Fals og Fusk», andre strofa, første linje. Innbinding: omslag, blankt.

13. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af «Det norske Folkesprogs Grammatik». P.T. Mallings Forlagsboghandel, Christiania 1864. XVIII+400 s. Innbinding: brunt heilskinnband, med alle forlagsbandets karakteristika. «Fortalen til Grammatiken» i *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 273–289 og *Skrifter i Samling*, III; 1912, s. 179–194; *Skrifter*, II, 1926, s. 149–163.

14. [-] *Symra*. Two Tylfter med nya Visor. Andre Utgaava. Priis: 8 Skilling. P.T. Mallings Forlagsboghandel, Kristiania 1867. 48 s. Innbinding: omslag, blankt (brunt).

15. [-] *Minningar fraa Maalstriden um Hausten 1858*. (Or «Dølen» paa 20de Februar 1859). (Avtrykk fra «Smaastykke»). Forlagt av det norske Samlaget. Trykt hjaa H.E. Larsen. Christiania 1869. 40 s. Innbinding: kombinert omslag og tittelblad.

16. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* af Ivar Aasen. Omarbeidet og forøget Udgave af en ældre «Ordbog over det norske Folkesprog». P.T. Mallings Boghandel, Christiania 1873. XVI + 976 s. Innbinding: brunt heilskinnband, med alle forlagsbandets karakteristika. Om lag 40 000 oppslagsord. Truleg minst 1000 eks., av dette 600 eks. til subskribentar ved utgivinga i juni 1873. Terje Aarset og Kristofer Kruken stipulerer at det var selt om lag 800 eks. i november 1874 (Ivar Aasen: *Norsk Ordbog*, Oslo 2003, s. XVIII).

17. [-] *Ervlingen*. Spelstykke i 1 Akt. Andre Utgaava (avkortad og umvølt). Forlagt af det norske Samlag. Kristiania 1873. 48 s. Innbinding: omslag, typografisk. Utgåva er med notar. På framsida: Bogladepris 12 S. I Kommission hjaa P.T. Mallings Boghandel. Boka kom ut i midten av desember 1873, skriv Reidar Djupedal i *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 335.

18. [-] *Ervlingen*. Spelstykke i 1 Akt. Andre Utgaava (avkortad og umvølt). Forlagt af det norske Samlag. Kristiania 1874. 48 s. Utgåva er med notar. På framsida: Bogladepris 12 S. I Kommission hjaa P.T. Mallings Boghandel. Opptrykk av 1873-utgåva, sjå nr. 17.

19. [-] *Heimsyn*. Ei snøgg Umsjaaling yver Skapningen og Menneskja, tilmaatad fyre Ungdomen. Forlagt av det norske Samlaget. I Kommission hjaa P.T. Mallings Bokhandel. Kristiania 1875. H.E. Jensens Boktrykkeri. 96 s. Innbinding: omslag, typografisk. *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 333–409; *Skrifter i Samling*, II, 1912, s. 219–304; *Skrifter*, II, 1926, s. 183–263; *Skrifter*, 1976, s. 271–277.

20. [-] *Symra*. Two Tylfter med Visor og Rim. Tridje Utgaava. (Med Notar.) Forlagt af P.T. Mallings Boghandel, Kristiania 1875. (Pris: 15 S = 50 Øre). 48 s. *Notar til*

Songarne i Symra ved J. N. Kobberstad. Gjenomsedde af Joh. D. Behrens. P.T. Mallings Boghandel, Kristiania 1875. 19 s. Innbinding: omslag, typografisk. *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 143–179; *Skrifter i Samling*, I, 1911, s. 19–49; *Skrifter*, I, 1926, s. 25–55; *Dikting*, 1946, s. 25–55; *Skrifter*, 1976, s. 17–45. Også miniatyrtutgåve utan ordforklaringer og meloditilvisingar: *Symra. Two Tylfter med Visor og Rim*. Gyldendalske Bokhandel. Kristiania MCMXXII [1922]. 78 s.

21. *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne* af I. Aasen. Forlagt af P.T. Mallings Boghandel. Kristiania 1878. 108 s. Innbinding: forlagsband, grønt, dekor. Ca. 600 namn. *Skrifter i Samling*, III, 1912, s. 215–325.

22. *Norske Ordsprog, samlede og ordnede* af I. Aasen. Anden Udgave (i ny Ordning). P.T. Mallings Boghandels Forlag, Christiania 1881. XVI + 238 s. Ca. 5000 ordtak. Innbinding: forlagsband, brunt, dekor. «Ordtøke» (utval) i *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 55–56; «Norske Ordsprog» (utval) i *Skrifter*, 1976, s. 294–298.

23. [-] *Ervlingen*. Spelstykke i 1 Akt. Tridje Utgaava (avkortad og umvølt). Forlagt av det norske Samlaget, Kristiania 1884. Ringvolds Boktrykkeri. Innbinding: omslag (gult). 51 s. Utan notar. *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 59–109.

24. [-] *Ervlingen*. Spelstykke i 1 Akt Fjorde Utgaava. Forlagt av det norske Samlaget. Nikolai Olsens Boktrykkeri, Kristiania 1887. 48 s. Utan notar. Innbinding: omslag, typografisk. *Skrifter*, I, 1926, s. 233–268. *Dikting*, 1946, s. 233–268.

25. [-] *Ervlingen*. Spelstykke i ei Akt. Femte Utgaava. Bertrand Jensens Forlag, Kristiania 1894. 52 s.

26. *Ervlingen*. Spelstykke i ei Akt. Sette [!] Utgaava. Bertrand Jensens Forlag, Kristiania 1896. Nikolai Olsers Boktrykkeri. 48 s. Innbinding: omslag med teikning og grønt dekortrykk, med tekstlinje nedst: «(Udgaven med Ivar Aasens billede og noter koster 0,60)». 2000 eks.

Småskrifter og visetrykk

27. *Ny Vise om den sørgelige Tildragelse paa Gaarden Krøvle i Ørsten, da nogle af dens Huse blev fortærede af en heftig Ildebrand den 7de Juni 1833, hvorved 3de Børn mistede Livet. Tilligemed: En Trøstesang for en anfægtet og bedrøvet Sjel*. Forfattet og i Trykken bekostet af Iver Andreas Iversen Aasen. Trykt i R. Aarflots Bogtrykkerie. Eegseth 1833. 8 s. 400 eks.

28. [-] *Tre nye Sange*. («En ny Vise om Lykkens Ubestandighed», «Mennesket», «Opmuntring til Glæde»). Trykt i R. Aarflots Bogtrykkerie og forlagt af Mauritz A. Aarlot. Egsæt 1844. 8 s.

29. [-] *En Levnedsbeskrivelse*. (Udkommen i Trondhjem i Aaret 1847.) Paa ny til Trykken befordret af Johannes Colbensen Myklebust. Eegseth 1848. Trykt hos M. Aarlot. Først offentleggjort i *Nordlyset* 26.4.1847, sjå nr. 153. Også trykt i *Visebog for Almue-Ungdommen*, 1848, sjå nr. 153, og i ein variant i 1901, sjå nr. 1370.

30. [-] *Two nye Visor*. («Gagnløysa», «Lukko»). Trykt hos M.A. Aarflot. Eegsæt 1851. 4 s.

31. [-] *Slutningssang af Efterspillet «I Marknaden»*. Trykt i fleire aviser i februar 1854, sjå nr. 162, og i restiuert tekst i 1912, sjå nr. 1312. «Ogso prenta serskilt», skriv Knut Liestøl i *Skrifter*, I, 1926, s. 278. Noko slikt særtrykk finst ikkje i Nasjonalbiblioteket, og det ser heller ikkje ut til å liggje føre kjende tilvisingar til eit slikt særtrykk i andre kjelder. Det er difor usikkert om dette særtrykket har eksistert, eller om det handlar om ei mistyding frå Liestøls side.

